

Varia⁶⁸

KULTURHISTORISK MUSEUM
FORNMINNESEKSJONEN

Dokumentasjon og sikring av helleristingar



E6-prosjektet Østfold

Band 4

Gro Anita Bårdseth (red.)

**OSLO
2007**

Varia⁶⁸

KULTURHISTORISK MUSEUM
FORNMINNESEKSJONEN

Dokumentasjon og sikring av helleristingar

E6-prosjektet Østfold

Band 4

Gro Anita Bårdseth (red.)

OSLO
2007

Varia 68

© Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen.

Universitetet i Oslo

© *Museum of Cultural History, Department of Heritage Management*

University of Oslo

Redaktør av serien/ *Editor of the series:*

Karl Kallhovd

Redaktør av dette band/ *Editor of this volume:*

Gro Anita Bårdseth (red.)

Forfattarar i dette band/ *Authors of this volume:*

Gro Anita Bårdseth, Leif Håvard Vikshåland, David Vogt: Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo

Eva Ernfridsson: Studio Västsvensk Konservering, Göteborg

Kristin Marie Berg: Statens vegvesen Region Øst

Per Hagelia, Frode Oset: Vegdirektoratet

Tanaquil Enzensberger

Formgiving/ *Layout:*

E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum

Utgjevar/ *Publisher:*

Kulturhistorisk museum

Fornminneseksjonen

Postboks 6762 St. Olavs plass

N-0130 OSLO

Norway

Tel.: (+ 47) 22 85 19 00

Fax.: (+ 47) 22 85 19 38

E-mail: postmottak@khm.uio.no

Trykkeri/ *Printing office:*

Reprosentralen, Universitetet i Oslo

2007

ISSN-nr. 1504-3266

ISBN-nr. 978-82-8084-037-0

Summaries translated by:

Hilde S. Frydenberg

Framsida/ *Front page:*

Solbergkrysset i Sarpsborg kommune. Biletet er tatt mot nord. Foto: Statens vegvesen Region Øst.

Solbergkrysset in Sarpsborg municipality. The picture is taken to the north. Photo: The Norwegian Public Roads Administration.

Baksida/ *Back page:*

Øyestad søndre (lokalitet 61), felt C. Kalkering: David Vogt. Illustrasjon: Kristina Steen.

Øyestad søndre (site 61), field C. Depiction: David Vogt. Illustration: Kristina Steen.

FORORD

E6-prosjektet Østfold har vore eit omfattande forvaltingsprosjekt ved Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, og det har utført ein av dei største flateavdekkjingsundersøkingane ved museet til no, men også omfattande sikrings- og dokumentasjonstiltak i samband med helleristingar. Granskingar og sikringstiltak vart utført i tida frå 2003–2006, og som eit resultat av at E6 gjennom Østfold skal utvidast frå to til fire felt.

Sikringstiltak for helleristingar som vart hefta av vegutbyggjinga er hovudtema i dette Varia-bandet. Nasjonale retningslinjer for sikring av bergkunst, utforma av «Sikring av bergkunst – Bergkunstprosjektet» (1996-2005), låg til grunn for dokumentasjonsarbeidet. Sikringstiltaka omfattar mellom anna utsaging av ein lokalitet og permanent tildekking av fem lokalitetar. Metoden for permanent tildekking vart utvikla ved E6-prosjektet Østfold under leiing av Eva Ernfridsson frå Studio Västsvensk Konservering i Göteborg, i samarbeide med tiltakshavar, Statens vegvesen Region Øst og Vegdirektoratet. Målsetjinga vi arbeidde mot var å finne fram til ein konstruksjon med lang levetid (100 år) og som bestod av naturlege materiale, tiltaket skulle vere reversibelt og det skulle vere høve til å foreta inspeksjonar i framtida. Arbeidet har vore utprega tverrvitskapleg og har involvert teknisk konservator, geolog, landskapsarkitekt, vegetasjonsrådgjevar og geoteknikar i tillegg til arkeologar. Dette er første gong helleristingslokalitetar vert dekt til på denne måten i Østfold, og vi vonar at dei mange drøftingane og vurderingane som er gjort i dette arbeidet kan ha relevans for framtidige sikringsprosjekt.

Dette er det fjerde av fem Varia-band frå E6-prosjektet Østfold. I band 1, 2 og 3 vart resultatane frå granskingane i Råde, Sarpsborg og Fredrikstad kommunar presentert, medan band 5 tek for seg metodiske erfaringar vi har gjort oss og det rommar ei naturhistorisk og kulturhistorisk syntese. Kapittel 1 i dette bandet gjer kort greie for bakgrunnen til prosjektet og faghistoria for helleristingar og helleristingsforskninga i fylket. Vidare gir kapittelet ein introduksjon til dokumentasjons- og sikringsarbeidet som vart utført av prosjektet. Kapittel 2 gjer greie for arkeologisk og teknisk/naturvitskapleg dokumentasjon av dei lokalitetane som vart hefta av vegutbyggjinga. Kapittel 3 omhandlar den permanente tildekkinga, og inneheld grundige drøftingar av bakgrunnen for val av metode og materiale, i tillegg til skildringar av sjølv tildekkingsarbeidet. Kapittel 4 gjer greie for dei andre sikringstiltaka som er gjort, utsaging av ein lokalitet og sikringskutt ved ein annan lokalitet. Kapittel 5 inneheld ein presentasjon av nyregistrerte lokalitetane. I samband med registreringar for breiddeutvidinga av E6, men også tidlegare vegutbyggjing i Østfold, er det påvist ei rad med helleristingslokalitetar. Dette er lokalitetar som ikkje vert hefta av vegutbyggjinga og dokumentasjon utover kalkering og foto er derfor ikkje utført, heller ikkje sikringstiltak. Lokalitetane er automatisk freda kulturminne og representerer dei nyaste tilskota av helleristingar i fylket. Heile åtte forfattarar frå ulike fagdisiplinar har bidrege med eigne analysar og eige materiale til dette bandet. Forfattarane har nytta sitt eige morsmål, og både norsk og svensk vert dermed nytta om kvarandre.

Eg vil rette ein stor takk til alle som har delteke med kompetanse og kunnskap til dette Varia-bandet, både i felt, ved etterarbeidet, ved tilrettelegging av materialet for publisering og gjennom analysar og drøftingar. Ein særleg takk til Helleristingsgruppa som har arbeidd med metode for permanent tildekking; Kristin Marie Berg, Tanaquil Enzensberger, Eva Ernfridsson, Per Hagelia, Morten Hanisch, Egil Kristiansen, Frode Oset og David Vogt, og takk til maskinførar Tom Ridderseth. Takk til Statens vegvesen Region Øst for fint samarbeid. Takk til styringsgruppa for E6-prosjektet Østfold for rettleiing og faglege innspel. Styringsgruppa har også fungert som fagleg referansegruppe og består av:

Jan Henning Larsen, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo. Leiar for styringsgruppa

Avdelingsleiar Mari Høgestøl, Arkeologisk museum i Stavanger

Forskar Per Oscar Nybruket, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo

Førsteamanuensis Christopher Prescott, Institutt for arkeologi, konservering og historiske studier, Universitetet i Oslo

Forskar David Vogt, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo

Seniorkonsulent Vivian Wangen, Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo

Professor Einar Østmo, Kulturhistorisk museum, Arkeologisk seksjon, Universitetet i Oslo

I tillegg deltok fylkesarkeolog Morten Hanisch, Østfold fylkeskommune og seniorkonsulent Johann Søndergaard Sobotta ved Riksantikvaren som observatører. Førstekonsulent Ingrid Ystgaard, Kulturhistorisk museum, Fornminneseksjonen, Universitetet i Oslo, deltok som observatør fram til sommaren 2006.

Forfattarar i dette bandet er Kristin Marie Berg, landskapsarkitekt frå Statens vegvesen, Tanaquil Enzensberger, vegetasjonsrådgjevar, Eva Ernfridsson, teknisk konservator frå Studio Västsvensk Konservering, Per Hagelia, geolog frå Vegdirektoratet, Frode Oset, geoteknikar frå Vegdirektoratet, David Vogt, Kulturhistorisk museum og Gro Anita Bårdseth og Leif Håvard Vikshåland frå E6-prosjektet Østfold, Kulturhistorisk museum.

Kart, illustrasjonar og foto er tilverka av Bjørn Berg, Hans Jørgen Berg, Kristin Marie Berg, Ann Monica Jensen Buekleiv, Gro Anita Bårdseth, Kathrine Eikrem, Eva Ernfridsson, Per Erik Gjesvold, Per Hagelia, Jørn Bømer Olsen, Kristina Steen, Anne Tømmervåg, Leif Håvard Vikshåland, David Vogt, Marit Wold og Widerøe's Flyveselskap A/S. Foto med referanse til E6-prosjektet Østfold er utført av feltpersonalet ved prosjektet. Ortofoto og flyfoto er brukt med løyve frå Statens vegvesen Region Øst. Hilde S. Frydenberg har utført layout og sett om tekst til engelsk. Referansar til ID fylgt av eit nummer syner til *Databasen for kulturminner, Askeladden*.

Gro Anita Bårdseth
Oslo, mai 2007

FORORD AV MEDFORFATTARAR

Takk går til Statens Vegvesen ved Kristin Marie Berg for initiativet som førte til at jeg fikk delta i arbeidet med å utvikle konserveringsmetoder for helleristingene ved E6-utbyggingen. Takk går også til prosjektgruppen, som samlet har kombinert egne og kilders kunnskaper, intuisjon og erfaringer. Det har vært stimulerende og interessant å delta. En særskilt takk til Thomas Barfoed Randrup ved Den Kgl. Veterinær- og Landbohøjskole, København, som gjerne og entusiastisk har delt på sine kunnskaper. Gro Anita Bårdseth og Kristin Marie Berg takkes for innsatsen med å få arbeidet omsatt til trykkemoden form.

Tanaquil Enzensberger

Forfattere takkar Eva Ernfridsson frå Studio Västsvensk Konservering; Tanaquil Enzensberger, vegetasjonskonsulent frå Valdres; Brit E. Løberg, Steinar Giske, Frode Oset og Hermann Bruun frå Vegdirektoratet, samt Kristin M. Berg og Egil Kristiansen frå Statens vegvesen Region Øst for faglege innspel om tildekkingsmateriale. Ole Christian Ødegård frå Statens vegvesen stod for innsamling av leirprøvene frå Borge. Takk går også til Hans Jørgen Berg frå Naturhistorisk museum, for hjelp med XRD- og SEM-analysar, og Per Aagaard frå Institutt for geofag ved Universitetet i Oslo, for samtalar om leire. Sist men ikkje minst takkar vi representantar frå Maxit AS for opplysningar og godt samarbeid.

Per Hagelia

Statens vegvesen rettar ein takk til Kulturhistorisk museum for eit svært interessant og lærerikt prosjekt. Me vil også takke for at me fekk sleppe til med vårt syn i dette nummer av Varia.

Kristin Marie Berg

Studio Västsvensk Konservering tackar för det goda samarbetet i Helleristningsgruppa. Arbetet var målinriktat och diskussionerna präglades av öppenhet och respekt för varandras kunskap. Jag tror att alla upplevde att de berikades av samarbetet och att resultatet är en åtgärd som är både vetenskapligt och erfarenhetsmässigt väl underbyggd.

Eva Ernfridsson

Hjertelig takk til prosjektleder Gro Anita Bårdseth for å ha loset oss alle vel i havn. Takk til Marit Wold og Bjørn Berg for alle helleristingene som ble kostet fram, Ann Monica Jensen Bueklev og Siv Anita Lundø for rytterfiguren. Takk til Christer Tonning og Anne Tømmervåg for innmålingene, og David Vogt for kalkeringene. Takk også til Per Erik Gjesvold, Kathrine Eikrem og Hilde S. Frydenberg. I tillegg en stor takk til alle dere andre som har deltatt og bidratt til at prosjektet ble som det ble.

Leif Håvard Vikshåland

FORORD**KAPITTEL 1**

FAGHISTORISK OG ADMINISTRATIV BAKGRUNN (Gro Anita Bårdseth & David Vogt)	1
E6-PROSJEKTET ØSTFOLD (GAB)	1
HELLERISTNINGENE I ØSTFOLD (DV).....	1
Østfold blir et helleristningsfylke	2
Helleristningenes alder	2
Helleristningene i Østfold, en generell bakgrunn.....	3
HELLERISTNINGAR I E6-PROSJEKTET ØSTFOLD (GAB).....	4
Målsetjing og problemstillingar	4
Organisering av arbeidet	7

KAPITTEL 2

ARKEOLOGISK OG TEKNISK/NATURVETENSKAPLIG DOKUMENTATION (Eva Ernfridsson, Leif Håvard Vikshåland & David Vogt)	9
INLEDNING (EE)	9
ARKEOLOGISK DOKUMENTASJON (DV).....	7
ARKEOLOGISK PRESENTASJON (LHV)	7
Tungården (lokalitet 17).....	9
Solberg nordre (lokalitet 27/II)	16
Solberg nordre (lokalitet 27/IV)	17
Solberg nordre (lokalitet 27/XVII)	17
Bustgård (lokalitet 34)	18
Bustgård (lokalitet 36)	22
Årum nordre (lokalitet 41)	22
Alvim nordre (lokalitet 55)	26
TEKNISK/NATURVETENSKAPLIG DOKUMENTATION (EE)	28
Tungården (lokal 17)	29
Solberg nordre (lokal 27/II)	30
Solberg nordre (lokal 27/IV)	30
Solberg nordre (lokal 27/XVII)	30
Bustgård (lokal 34)	32
Årum nordre (lokal 41)	33
Alvim nordre (lokal 55)	33

KAPITTEL 3

PERMANENT TILDEKKING AV HELLERISTNINGAR (Kristin Marie Berg, Gro Anita Bårdseth, Eva Ernfridsson, Tanaquil Enzensberger, Per Hagelia & Frode Oset)	35
INNLEIING (GAB)	35
Problemstillingar og planprosess	35
Organisering av arbeidsgruppe	35
FYSISK OCH KEMISK VITTRING AV HÅLLRISTNINGAR (EE)	35
Forskning på nedbrytning av hällristningar i Östfold och Bohuslän	36
Kemisk vittring	37
Fysisk vittring	37
TIDIGARE FÖRSÖK OCH FORSKNING KRING ÖVERTÄCKNING	38
Försök med permanent övertäckning	39
Tillfällig/säsongstäckning	40
Byggnad	42
Diskussion	42
GEOLOGISKE OG KJEMISKE FORHOLD FOR MATERIALVAL (PH)	42
Problemstilling, ønska verknad av tildekkninga og alternative material	43
Tilstandsvurdering av helleristningsflatene før tildekkning	44
Prøvetaking av marin leire på Borge	45
Mineralogisk analyse av marin leire	45
Undersøking av pH-reaksjon med vatn	46
Diskusjon.....	49

VEGETASJONSÅRÅDGJEVAREN SIN ANBEFALING FOR OVERDEKKING (TE)	51
Skadar som skuldast vegetasjon	51
Bakgrunn for å føreslå leirpakningar	51
Komprimert leire hindrar rotvekst	51
Konstruksjon av leirpakning	52
Komprimering	52
Massar over leirpakning	52
Terrengutforming og vegetasjonsutvikling	53
Skjøtsel	53
Levetid-inspeksjon	53
FELLES DISKUSJON OM OVERDEKKINGSMETODE (KMB, FO)	54
GJENNOMFØRING AV TILDEKKING (KMB)	57
Prosjektering av overdekkingsmetode	57
Gjennomføring i 2005	58
Gjennomføring i 2006	63
KORT KOMMENTAR TIL VAR OCH EN AV DE ÖVERTÄCKTA HÄLLRISTNINGARNA (EE)	65
Tungården (lokal 17)	65
Solberg nordre (lokal 27/II)	65
Bustgård (lokal 34)	66
Årum nordre (lokal 41)	66
Alvim nordre (lokal 55)	67
Kommentar frå entreprenør	68
KOSTNADER OG TIDSBruk (KMB)	69
REFERENSYTA OCH PLAN FOR UPPFÖLJNING (EE)	70
AVSLUTTANDE KOMMENTARAR (KMB, GAB, EE)	72
KAPITTEL 4	
UTSAGING OG SIKRING AV HELLERISTINGAR (Gro Anita Bårdseth)	75
INNLEIING	75
UTSAGING AV EIN HELLERISTINGSLOKALITET	75
SIKRINGSKUTT, BOLTING OG SAUMBORING VED EIN HELLERISTINGSLOKALITET	77
KAPITTEL 5	
NYREGISTRERTE HELLERISTNINGSFELT (Leif Håvard Vikshåland)	81
INNLEDNING	81
LUNDEBY. HELLERISTNINGSFELT.....	82
ALVIM NORDRE. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 55)	84
ÅRUM NORDRE. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 41)	84
ÅRUM ØVRE. HELLERISTNINGER OG BOPLASSPOR (LOKALITET 21)	88
JARLE NEDRE. HELLERISTNINGER OG BOPLASSPOR (LOKALITET 60)	90
HELLERISTNINGER OG ØVRIG KULTURMILJØ VED SOLBERGKRYSET	92
BUSTGÅRD. HELLERISTNINGER OG BOPLASSPOR (LOKALITET 34)	92
BUSTGÅRD. HELLERISTNINGER OG BOPLASSPOR (LOKALITET 35)	92
BUSTGÅRD. HELLERISTNINGER OG BOPLASSPOR (LOKALITET 36)	100
BUSTGÅRD. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 59)	100
BUSTGÅRD. FJERNET HELLERISTNINGSFELT (ID 102661)	103
SOLBERG NORDRE. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 31)	104
SOLVÅG. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 37)	105
ØYESTAD SØNDRE. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 61)	105
ØYESTAD NORDRE. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 62)	111
TUNGÅRDEN. HELLERISTNINGSFELT (LOKALITET 17)	111
SUMMARY	113
LITTERATUR	121

KAPITTEL 1

FAGHISTORISK OG ADMINISTRATIV BAKGRUNN

Gro Anita Bårdseth & David Vogt

E6-PROSJEKTET ØSTFOLD (GAB)

E6-prosjektet Østfold er eit forvaltingsinitiert prosjekt ved Fornminneseksjonen på Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo. Det vart etablert for å utføre arkeologiske undersøkingar i samband med at Statens vegvesen Region Øst skulle gjennomføre breiddeutviding av E6 frå to til fire felt gjennom kommunane Råde, Sarpsborg, Fredrikstad og Halden i Østfold.

Føremålet med dei arkeologiske undersøkingane til E6-prosjektet Østfold var å dokumentere spor etter menneskeleg aktivitet frå førhistorisk tid som vart hefta av vegutbyggjinga og leggje materialet til rette for vidare forskning, jf. også føremålsparagrafen i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova).

32 lokalitetar ville verte fysisk hefta av tiltaket, og for 31 av desse vart det gitt dispensasjon med vilkår om arkeologisk gransking. For ein lokalitet, lokalitet 7, vart det gitt dispensasjon utan vilkår om gransking fordi forskingspotensialet vart rekna som lågt. Seks helleristingslokalitetar vart liggjande utsett til i høve til anleggsarbeidet og den ferdige vegen, og for fem felt vart det gitt dispensasjon med vilkår om dokumentasjon og sikring i form av permanent tildekking, og for eit felt vart det gitt dispensasjon med vilkår om utsaging. For ein helleristingslokalitet, Bustgård (lokalitet 36), som bestod av ei skålgrop, vart det gitt dispensasjon med vilkår om dokumentasjon. Til saman vart det gitt dispensasjon frå fredingsføresegnene i kulturminnelova for 38 lokalitetar med automatisk freda kulturminne (Bårdseth 2004:11–13, Bårdseth 2007a). Dei arkeologiske granskingane saman med sikring og dokumentasjon av helleristingar fann stad frå 2003–2006.

Dette er det fjerde av i alt fem Varia-band frå E6-prosjektet Østfold. Her vert det gjort greie for dokumentasjon og sikringstiltak som er utført i samband med helleristingslokalitetane det er dispensert for i samband med vegutvidinga. Bandet inneheld også ein oversikt over nyregistrerte helleristingslokalitetar som i hovudsak kom for dagen i samband med registreringar i forkant og

parallelt med breiddeutvidinga av E6 (Berg 2004, Stene 2003, Vikshåland 2003a, 2003b). I band 1, 2 og 3 vart resultatane frå dei arkeologiske undersøkingane og naturvitskaplege analysane presentert (Bårdseth 2007a, 2007b og 2007c), og i det siste bandet vert det mellom anna gjort greie for metodiske erfaringar vi har gjort oss, og det vil romme ei naturhistorisk og kulturhistorisk syntese (Bårdseth 2007d).

HELLERISTNINGENE I ØSTFOLD (DV)

Østfold og Bohuslän har Nord-Europas største konsentrasjon av helleristningar, i overkant av 2700 lokaliteter er registrert på begge sider av riksgrensen. På norsk side finnes omkring 400 av lokalitetene. Det er hovudsakelig områder nord i Bohuslän og de sydlige områdene i Østfold som fremviser flest ristningar, med store konsentrasjoner. Sydover gjennom Østfold kommer E6 ved Sarpsborg inn i et område usedvanlig rikt på helleristningar. Ved gårdene Alvim, Årum og lengre syd ved Solberg, finnes helleristningar i hundretall, nesten på hvert eneste bergskjær. Solberg ligger i den vestlige delen av Skjebergsletta, et stort åpent landskapsparti med tung leirjord som i dag er oppdyrket. Her finnes omkring 90 helleristningslokaliteter. Området omkring Skjebergsletta har Norges største konsentrasjon av bergkunst.

På 1980-tallet ble store deler av dagens E6 gjennom Østfold etablert og deler av traseen ble lagt gjennom Skjeberg, og gjennom Årum og Molteberg i Fredrikstad kommune. Det oppstod den gang konflikt mellom helleristningene og motorveien, men det ble tatt så mye hensyn til ristningene som mulig slik at bare ett felt måtte fjernes (på Bisseberg i Skjeberg). Dagens utvidelse av motorveien har gjort at flere helleristningsfelt har kommet i konflikt. Konflikten omfatter nå ikke bare lokaliteter som blir fysisk berørt, men også forvitringsskader på helleristningar som blir liggende utsatt til i forhold til veien. I de senere årene er det rettet søkelys mot denne type skader blant annet gjennom prosjektet «Sikring av bergkunst – Bergkunstprosjektet».

Sikring av bergkunst – Bergkunstprosjektet (1996–2005)

Undersøkelser på begynnelsen av 1990-tallet konkluderte med at en stor del av helleristningene i Norge var skadet. Skadeårsakene var mange og sammensatte, men det var enighet om at det dreide seg både om naturlig utvikling og skader forårsaket av mennesker. Viktige årsaker til skader var lavvekst, utfall av mineraler/forvitring og sprekkdannelser. Blant menneskeskapte skader kan nevnes spesielt slitasje fra jordbruk og skogbruk, industri og besøkende

Prosjektet «Sikring av bergkunst – Bergkunstprosjektet» ble etablert i 1996 og uttalte målsettinger var å få en oversikt over skadeomfanget og å sikre 300 av de mest utsatte helleristningslokalitetene i Norge innen utgangen av 2005. Med «sikring» menes dokumentasjon av billedmateriale og bevaringstilstand, utarbeiding av skjøtelsplan samt iverksetting av eventuelle strakstiltak (konservering). Prosjektet forsket også på nedbrytingsfaktorer og metoder som kunne stoppe eller forsinke skadene. Bergkunstprosjektet har utarbeidet nasjonale retningslinjer for sikring av bergkunst (Bjelland og Helberg 2006, Hygen 2000).

Bergkunstprosjektet var organisert som et 10-årig prosjekt i regi av Riksantikvaren, med lokale prosjekttillatte ved landsdelsmuseene. Arbeidet med sikring av bergkunst fortsetter i regi av Riksantikvaren, men i dag med hovedfokus på skjøtelsrettede tiltak.

Østfold blir et helleristningsfylke

Omkring 1860 var det bare to kjente helleristningsfelt i Østfold, ett i Berg og ett på Rolvsøy, i dag henholdsvis i Halden og Fredrikstad kommuner. I løpet av de neste 15 årene ble dette antallet økt til noe over 200 lokaliteter. Den store økningen kan tilskrives Martin Arnesen, adjunkt fra Halden, og hans interesse for helleristninger. Arnesen brukte fritiden til å lete etter helleristninger i områdene sydøst og nord for Halden, og nye funn ble registrert og dokumentert med tegninger. I årene som fulgte ble denne viktige oppdagelsen utgangspunktet for en rekke nye arbeider om helleristningene i Østfold. I forbindelse med de store landskapsundersøkelsene tidlig på 1900-tallet (Brøgger 1932) ble det foretatt feltarbeid og registreringer i Østfold, i denne forbindelse tilkom ytterligere helleristningslokaliteter. På 1930-tallet dokumenterte Gutorm Gjessing deler av det store ristningsmaterialet som fantes i fylket og dette ble senere publisert (Gjessing 1939). I tiden omkring Den andre verdenskrig og fremover ble mange nye lokaliteter oppdaget og innrapportert av Erling Johansen fra Fredrikstad. Mange av disse

lokalitetene lå i Borge som nå er en del av Fredrikstad kommune. Sverre Marstrander disputerte på en avhandling om Østfolds helleristninger i 1963 (Marstrander 1963).

I nyere tid har helleristninger blitt funnet tilfeldig av publikum, de har blitt oppdaget under arkeologiske registreringer eller de er systematisk blitt avdekket av interesserte enkeltpersoner med lokal tilknytning. De mange helleristningslokalitetene i Onsøy, nå en del av Fredrikstad kommune, er et eksempel på den sistnevnte kategori. Her ble den første helleristningen funnet på 1970-tallet. Gjennom systematisk registrering av to lokalhistorikere ble tallet i løpet av noen år økt til 40. I løpet av 1990-tallet og som en del av Bergkunstprosjektet ble dette tallet igjen doblet til noe over 80 lokaliteter. I dag regner vi med noe i overkant av 400 lokaliteter i Østfold. Tallet er uklart fordi en del av de gamle registreringene til Arnesen ikke er funnet igjen og enkelte lokaliteter er ødelagt, sprengt bort eller tildekket. Av den totale norske forekomsten på omkring 1300 lokaliteter er 400 i Østfold et høyt tall og ikke noe annet fylke i Norge kan fremvise så mange helleristninger.

Helleristningenes alder

På slutten av 1800-tallet ble det slått fast at helleristningene i Syd-Skandinavia var fra bronsealderen. Slutningen ble trukket på bakgrunn av sammenligninger av våpen avbildet på helleristningene med våpen kjent fra graver etc. (Ekhoft 1880, Montelius 1917). Etter hvert ble det forsøkt å lage typologiske skjemaer basert på skipsfigurer, der ristningene kunne dateres mer nøyaktig (eks. Malmer 1981). Det kan derfor sies at det har vært to metodiske tilnæringer til datering av helleristningene i Østfold og Bohuslän, en bygget på komparasjon og en annen på skipstypologi. Skipstypologien bygger på ideen om at skipsformene har endret seg fra eldre til yngre bronsealder og at disse endringene kan sees på helleristningene. Ved å datere de ulike typene av skipsformer blir det mulig å lage en sekvens, et skjema som viser skipets utvikling og endring gjennom tid. Helleristningene fremviser et stort antall ulike former og varianter på skip, slik at materialet som legges til grunn har den store variasjonen som ofte er nødvendig for å utvikle et slikt seriasjonssystem. I tillegg finnes noen få fikspunkter, sikre dateringer av skipsformer: Skipsfigurene på Røgbysverdet og Wismarhornet er eksempler fra eldre bronsealder, ulike rakekniver og andre metallfunn viser skip fra yngre bronsealder. Men det er mange problemer med metoden. På de aller fleste helleristningsfeltene som fremviser mange figurer og mange skipsfigurer, finnes det en hel rekke ulike typer på det samme feltet. Dette innebærer at

ulike figurer som skulle antas å være fjernt i tid, alle er samlet på den samme bergflaten. Altså må figurene være tilkommet suksessivt, over en lengre tidsperiode, dersom den typologiske metoden skal ha gyldighet og relevans. Ofte fremstår ristningspanelene som helhetlige fremstillinger, hugget i en stilistisk stildrakt, med en enhetlig huggeteknikk. Tanken om at det først ble hugget ett eller to skip på en flate, og deretter gikk tusen år før noen flere skip ble hugget, er lite sannsynlig på de relativt små feltene i Østfold og Bohuslän. Trolig skal feltene betraktes som en ferdigstilt enhet. Det er derfor større sannsynlighet for at de ulike skipsformene er uttrykk for kvalitative forskjeller og ikke reflekterer kronologiske forskjeller.

Videreutvikling av den komparative metoden har vært forsøkt i Østfold og Bohuslän, der avbildninger av våpenformer som hjelmer med horn, doppsko på sverdslirer, runde og firkantete skjold, har vært de viktigste kriteriene. Denne metoden gir en sikker datering av enkeltfigurer og sannsynligvis også av enkelte felt, men antall felt som kan dateres er prosentvis relativt lavt. Dette skaper problemer med representativiteten. Imidlertid er det forsøkt en sammenligning mellom distribusjonsmønsteret til de daterte og de ikke daterte feltene, samt en vurdering av dette opp mot strandlinjene i eldre og yngre bronsealder i Østfold. Resultatene av dette er at hovedinntrykket både av de daterte og de udaterte feltene har den samme tilknytningen til landskapet, det er ikke noen avvikende tendens i distribusjonsmønsteret. Dette indikerer samtidighet mellom de daterte og de ikke daterte feltene.

Når ristningsfenomenet i Østfold og Bohuslän begynte, når det hadde sitt største omfang og når det fant sted en avslutning, er den mest interessante problemstillingen når det gjelder datering. En konklusjon på dette synes å være at det i noen grad ble hugget helleristninger i regionen gjennom hele eldre bronsealder, men i hvilket omfang er vanskelig å si sikkert, mest sannsynlig i begrenset omfang. I yngre bronsealder derimot finner det sted en voldsom økning i tilfanget, store mengder felt og figurer tilkommer innenfor en tidsperiode på omkring 200 år. Ved overgangen til jernalderen, omkring 500 år før vår tidsregning, finner det sted en avslutning, bare skålgropene ser ut til å ha blitt hugget videre fremover i jernalderen.

Helleristningene i Østfold, en generell bakgrunn

Helleristningene finnes i størst antall i de sydlige og kystnære kommunene i Østfold, i dag Fredrikstad, Sarpsborg og Halden kommuner. Hovedkonsentrasjonen finnes i landskapet på begge sider av Glomma og sydover gjennom Borge og Skjeberg. En mindre konsentrasjon finnes i baklandet sydøst for Halden, på Iddesletta.

Helleristningene i Østfold er den nordlige utløperen av et stort og massivt ristningslandskap som strekker seg fra øya Tjørn i Bohuslän og nordover til riksgrensen. Helleristningene i Bohuslän ligger i tilknytning til kysten, men godt innenfor fjordarmene, i Østfold ligger helleristningene utenfor raet.

Det som i første rekke vekker oppmerksomheten ved helleristningenes beliggenhet og landskapstilknytning er den voldsomme konsentrasjonen som finnes i enkelte områder. Innenfor relativt begrensede områder som Skjebergsetta i Østfold, Tanumssetta eller arealer i Askum, Bohuslän, finnes hundrevis av lokaliteter, tusenvis av enkeltfigurer. Systematisk registrering viser også at på begge sider av grensen finner man betydelige antall nye lokaliteter ved systematisk registrering, i enkelte områder kan det antallet vi har registrert i dag bare være toppen av isfjellet. Fra et tolkningsmessig synspunkt er denne store konsentrasjonen av helleristninger merkelig. Dette fordi ristningene systematisk er knyttet til tunge leirjordarter og et landskap som ikke har fremvist funn av bosetning, graver og metallfunn i et tilsvarende forhold. Det store antallet helleristninger som finnes i området står i sterk kontrast til de andre funnene som indikerer lokalt litt marginale demografiske forhold i bronsealderen. Nordre Bohuslän og Søndre Østfold har bemerkelsesverdig få funn fra bronsealder, sammenlignet med andre regioner i Vest-Sverige og Oslofjordområdet. Nyere forskning på helleristninger i Østfold og Bohuslän viser at leirslettene ble ryddet og brukt til beite i yngre bronsealder. Dersom hele det landskapet ristningen viser vei til var ett sammenhengende beitelandskap i yngre bronsealder, har volumet vært enormt. Ristningene gjør en oppmerksom på et formidabelt produksjonsområde med stor økonomisk betydning (Vogt 2006). Forskning på de politiske implikasjonene av dette og helleristningenes reelle kontekst og betydning er foreløpig i startfasen.

Avslutning

Helleristninger er en kulturminnekategori som har fått økt oppmerksomhet de siste desenniene. Dette har flere årsaker: I formidlingssammenheng er helleristninger et takknemlig temaet, de rike billedfremstillingene pirrer nysgjerrigheten til et bredt publikum. For det andre er helleristninger og generelt bergkunsten i Skandinavia i sterk grad truet. Dette har gjort at denne kulturminnekategorien har fått en fremskutt plass i mediebildet. Dels har det også sammenheng med en økende faglig interesse for tema. All denne oppmerksomheten rundt bergkunsten er positivt, og den er med på å demme opp for de negative kreftene som destruerer helleristningsfeltene. Årlig forsvinner, til tross for sterk innsats, flere helleristningsfelt i Norge, en rekke årsaksfaktorer fører til denne negative trenden.

Metoder for nyregistrering i form av flateavdekking, tildekking under anleggsfasen, utsaging av figurer og til slutt permanent tildekking og oppfølging, er utviklet og praktises innenfor dette prosjektet. Det er et håp om at denne Varia-rapporten vil sette standard for hvordan helleristingar skal håndteres i større saker der arealene omkring ristningene i sterk grad omdisponeres og endres.

HELLERISTINGAR I E6-PROSJEKTET ØSTFOLD (GAB)

Dei seks helleristingslokalitetane det var dispensert for i høve vegarbeidet bestod av ni helleristingsfelt: Tunggården (lokalitet 17), Solberg nordre (lokalitet 27/II, 27/IV, 27/XVII og 27/XVIII), Bustgård (lokalitet 34), Bustgård (lokalitet 36), Årum nordre (lokalitet 41) og Alvim nordre (lokalitet 55), sjå også tabell 1_1, figur 1_1 og figur 1_2. Eit felt, Solberg nordre (lokalitet 27/XVIII) vart ikkje gjenfunne.

Målsetjing og problemstillingar

Ei overordna målsetjing var å sikre kjeldeverdien til helleristingane på lang sikt (sjå også Bårdseth 2007a). Tiltaka kan delast i tre kategoriar: dokumentasjon, sikring ved hjelp av permanent tildekking og sikring

ved hjelp av utsaging. I tillegg vart det utført sikringskutt, bolting og saumboring i fjell i tilknytning til ein lokalitet.

Dokumentasjon

Dokumentasjonstiltak som er valt er tufta på dei nasjonale retningslinjene som er utarbeidd av Bergkunstprosjektet og omfattar arkeologisk dokumentasjon og teknisk/naturvitskapleg dokumentasjon (Bjelland og Helberg 2006, Hygen 2000). Med unntak av det eine feltet som ikkje vart gjenfunne, Solberg nordre (lokalitet 27/XVIII) vart samtlege lokalitetar og felt dokumentert. Arbeidet vert gjort greie for i kapittel 2.


Sikring på lang sikt – permanent tildekking

Fem helleristingslokalitetar vart liggjande utsett til i høve til eksisterande og ny vegbane, og utfordringa var å finne eigna sikringstiltak som fungerte på lang sikt og i høve til den ekstreme situasjonen helleristingane ville befinne seg i etter at vegen stod ferdig. Desse lokalitetene, som vart liggjande i vegkanten så å seie, ville bli utsett for vegsalt og forureining frå den nye motorvegen. Dette kan ha ein uheldig og jamvel skadeleg verknad på helleristingane. Kjemiske prosessar som oppstår når salt og vegstøv legg seg på berget dei er hogd inn i, fører til at berget forvitrar. Dette kan føre til at helleristingane vert øydelagde, og i verste fall at dei forsvinn. Anleggsarbeidet

Tabell 1_1: Helleristingslokalitetar som vart hefta av tiltaket. Romartala bak lokalitetsnummeret viser til Marstrander (1963).

Table 1_1: The rock carving sites affected by the road works initiative. The Roman numerals behind the site numbers refers to Marstrander (1963).

Lokalitet	Askeladden ID	Gard	Kommune	Tiltak / kommentar
Tunggården (lokalitet 17)	100071	Tunggården (25/14)	Halden	Kalkert, fotografert, tilstands- og skadedokumentert. Permanent tildekt
Solberg nordre (lokalitet 27/II)	Del av 58539	Solberg nordre (1017/1,3)	Sarpsborg	Kalkert, fotografert, tilstands- og skadedokumentert. Permanent tildekt
Solberg nordre (lokalitet 27/IV)	Del av 58539	Solberg nordre (1017/1,3)	Sarpsborg	Kalkert, fotografert, tilstands- og skadedokumentert
Solberg nordre (lokalitet 27/XVII)	Del av 58539	Solberg nordre (1017/1,3)	Sarpsborg	Kalkert, fotografert, tilstands- og skadedokumentert. Utsagd
Solberg nordre (lokalitet 27/XVIII)	Del av 58539	Solberg nordre (1017/1,3)	Sarpsborg	Ikkje gjenfunne
Bustgård (lokalitet 34)	100241	Bustgård (1003/1)	Sarpsborg	Kalkert, fotografert, tilstands- og skadedokumentert. Permanent tildekt
Bustgård (lokalitet 36)	100243	Bustgård (1003/1)	Sarpsborg	Fotografert
Årum nordre (lokalitet 41)	19659, 39652	Årum (642/2)	Fredrikstad	Kalkert, fotografert, tilstands- og skadedokumentert. Permanent tildekt. Sikringskutt
Alvim nordre (lokalitet 55)	100564	Alvim (2087/1)	Sarpsborg	Kalkert, fotografert, tilstands- og skadedokumentert. Permanent tildekt



Figur 1_1: Lokalisering av helleristingslokaliteter som vert hefta av tiltaket. GIS applikasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 1_1: The rock carving sites affected by the road works initiative. GIS application: Per Erik Gjesvold.

representerte også ein fare for ytre skadar på helleristingane. Forslag til tilfredsstillande langsiktige sikringstiltak låg ikkje føre frå Bergkunstprosjektet si side då E6-prosjektet Østfold tok til, og vi påtok oss å arbeide fram ein tildekkingsmetode for å sikre helleristingane på lang sikt. Drøftingar og vurdering i denne prosessen vert gjort greie for i kapittel 3, saman med ei skildring av sjølve tildekkingsarbeidet.

Sikring på lang sikt – utsaging

Allereie tidleg i planprosessen vart det klart at den einaste måten å sikre Solberg nordre (lokalitet 27/XVII) på, var å sage han ut. Ved breiddeutvidinga av vegen måtte ein velje å leggje utvidinga på aust- eller vestsida av eksisterande veg, og i båd tilfelle ville det føre til konflikt med helleristingslokalitetar. Etter ei samla vurdering der mellom anna overordna landskaps- og kulturmiljøverdiar vart vurdert, vart det konkludert med at lågaste konflikt for kulturminneverdiar oppnådde ein ved å leggje breiddeutvidinga på vestsida av eksisterande veg. Utsaging av Solberg nordre (lokalitet 27/XVII) vart vald som permanent sikringstiltak. Arbeidet vert gjort greie for i kapittel 4.

Sikringskutt, bolting og saumboring

Sikringskutt, bolting og saumboring vart gjort i tilknytning til ein lokalitet, Årum nordre (lokalitet 41) i Fredrikstad kommune, for å hindre ukontrollert fragmentering av berg. Arbeidet vert gjort greie for i kapittel 4.

Organisering av arbeidet

Dokumentasjon og sikringsarbeidet stilte krav til spesialkompetanse innanfor teknisk/ naturvitskapleg dokumentasjon som ikkje var tilgjengeleg i prosjektet eller ved Kulturhistorisk museum i 2003. Ved planleggjinga av prosjektet var det ein føresetnad at dette arbeidet skulle gjerast av innleigd fagkonsulent(ar), men at utføring av det vart organisert via E6-prosjektet Østfold og at kostnader til personell og materiell var inkludert i prosjektrekneskapen (Bårdseth 2004: 92–93).

Avtaler

E6-prosjektet Østfold inngjekk avtaler med prosjekttilsett ved Bergkunstprosjektet ved Kulturhistorisk museum om utføring av arkeologisk dokumentasjon, og Studio Västsvensk Konservering i Gøteborg om utføring av teknisk/naturvitskapleg dokumentasjon samt utvikling av metode for permanent tildekking. Arbeidet vart utført av høvesvis David Vogt og Eva Ernfridsson. Ei avtale ligg til grunn for samarbeidet mellom Studio Västsvensk Konservering og Kulturhistorisk museum

ved E6-prosjektet Østfold. Avtalen er datert 15. mars 2004, og vart seinare revidert 17. mars og 6. juli 2005.

To lokale entreprenørar vart invitert til å leggje inn anbod på arbeidet med å sage ut helleristingslokaliteten Solberg nordre (lokalitet 27/XVII). Tilbodet gjekk til firmaet Wiresaging as, og anbudet datert 10. juni 2005 låg til grunn for dette arbeidet.

Kulturhistorisk museum har inngått ei utlånsavtale med Østfoldmuseet, avdeling Borgarsyssel museum om midlertidig deponi av helleristinga som vart saga ut. Avtalen vart inngått i 2005 og skal reviderast i 2010.

Anleggsmaskiner, utstyr og materiale brukt til tildekkingsarbeidet vart leigd og/eller kjøpt av Statens vegvesen som brukte sine utstyrsleverandørar, og Kulturhistorisk museum inngjekk ikkje særskilde avtaler om dette. Kostnader for maskiner og materiale vert tilbakeført til Statens vegvesen frå E6-prosjektet Østfold.

Helleristingsgruppa

I samband med tiltaka som skulle utførast i tilknytning til den permanente tildekkinga av helleristingar, vart det hausten 2005 etablert ei arbeidsgruppe som fekk namnet Helleristingsgruppa. Gruppa hadde ikkje noko formelt mandat, men hadde som målsetjing å arbeide fram praktiske og operasjonelle løysingar for tildekkinga, og å ivareta Statens vegvesen si eigeninteresse i at tildekkinga vart utført innafor oppsett tidsplan og i tråd med sikkerheitskrav i høve til veganlegget. Representantar frå ulike fagdisiplinar og institusjonar var med og medlemmane bestod av landskapsarkitekt Kristin Marie Berg og representant for anlegg Egil Kristiansen frå Statens vegvesen region Øst, geolog Per Hagelia og geoteknikar Frode Oset frå Vegdirektoratet, konservator Eva Ernfridsson frå Studio Västsvensk Konservering, vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger, arkeolog Morten Hanisch frå Østfold fylkeskommune, arkeolog og bergkunstekspert David Vogt og arkeolog og prosjektleiar Gro Anita Bårdseth frå Kulturhistorisk museum. Ved behov møtte også andre fagpersonar. Gruppa møttes seks gongar i 2005 og ein gong i 2006. Resultata frå drøftingane og løysingane som vart valt, vert presentert av den einskilde fagpersonen i kapittel 3.

Budsjett

Kostnader knytt til dokumentasjon og sikring av helleristingslokalitetane vart kalkulert på bakgrunn av prisar som var innhenta under planleggjinga av prosjektet. Med omsyn til den permanente tildekkinga var det knytt noko uvisse til desse utgiftspostane fordi metode og materialbruk ikkje var endeleg avklart ved oppstarten av prosjektet (Bårdseth 2004:87–89).

Feltarbeid, arkivalia

Dokumentasjon og sikring vart utført i tida frå 2004–2006, jf. tabell 1_1. Resultata frå teknisk/naturvitskapleg dokumentasjon vart lagt inn i Bergkunstdatabasen som no er ein del av Askeladden ([online]), og rapport er arkivert hjå Kulturhistorisk museum (Ernfridsson, udatert). Kalkeringar og foto frå den arkeologiske dokumentasjonen, frå tildekkingsarbeidet og frå utsaging og sikringskuttet er arkivert

hjå Kulturhistorisk museum. Skildringar og drøftingar av tildekkinga, utsaging og sikringskutt vert presentert i denne Varia og føreligg ikkje i anna rapportform¹.

Nye lokalitetar har fått ID-nummer i Askeladden. Helleristingsfeltet som var saga ut, Solberg nordre (lokalitet 27/XVII) har fått museumsnummer C54982. Ein referansestein frå tildekkinga på Bustgård (lokalitet 34) har fått museumsnummer C56066, båe hjå Kulturhistorisk museum.

¹ Lokalitetsnamna i som er brukt i denne Varia avvik i nokre tilfelle med dei som vart nytta ved registrering og ved dokumentasjons- og sikringsarbeidet. Tungården (lokalitet 17) er registrert med lokalitetsnamnet Hjelmungen, men også Ekeberg er nytta. Solberg nordre kan i dokumentasjonsarbeidet vere henvist til som Solberg øvre.

KAPITTEL 2

ARKEOLOGISK OG TEKNISK/NATURVETENSKAPLIG DOKUMENTATION

Eva Ernfridsson, Leif Håvard Vikshåland & David Vogt

INLEDNING (EE)

Detta kapittel beskriver principerna bakom arbeidet med dokumentation av hällristninger inom E6-prosjektet Østfold og hur åtgärderna har gått till i praktiken. Dessutom presenteras en sammanfattning av dokumentationsmaterialet för varje berörd ristning. Arbetet som har utförts faller under fas 1 (dokumentation) och fas 3 (åtgärd) enligt «Sikring av bergkunst – Bergkunstprosjektet» riktlinjer för skydd av bergkunst som presenteras i tabell 2_1. Steg 2 (vårdplan) och steg 4 (uppföljning) faller utanför E6-prosjektet Østfolds uppgifter.

Under de sista 10–15 åren har det lagts ned stora resurser i både Sverige och Norge på att standardisera metoderna för bild och skadedokumentation och att hitta metoder för att minska nedbrytningshastigheten av hällristningar. Bergkunstprosjektets riktlinjer för sikring är ett resultat av detta arbete (Bjelland og Helberg 2006, Hygen 2000). I samma projekt skapades Bergkunstdatabasen där all dokumentation samlas. Bergkunstdatabasen är i dag en del av Askeladden ([online]).

ARKEOLOGISK DOKUMENTASJON (DV)

Helleristninger kan dokumenteres på flere måter, de vanligste er digitale teknikker, foto, avgnidningsteknikk eller såkalt frotasj og gjennom kalkering og avtegning på plast. Bruk av kalkering og foto har blitt valgt ved E6-prosjektet Østfold og dette har flere årsaker: Kalkering gir en nøyaktig og estetisk reproduksjon av figurene, det er en teknikk som ubegrenset kan integrere elementer som skader, sprekksystemer, fordypninger osv. Kalkerings-teknikken er dessuten praktisk og billig. Bakdelen er at den er tidkrevende, den fordrer nattarbeid og den er avhengig av nedfotografering av høy kvalitet. Når kalkering er kombinert med nattpoto, gir det også mye tilleggsinformasjon om fjellets struktur, sprekksystemer, skader osv.

Kalkering foregår ved at figurene avtegnes i halogenlys i mørke. Når lyskasteren skrånstilles på bergflaten, kommer alle figurer lett til syne. Figurene blir deretter markert forsiktig med en tynn krittstrek, jf. figur 2_1. Når denne jobben er gjort, blir feltet dekket

av plast og figurene tegnes over på plastfolien med sort sprittusj. Hvordan man så videre skal gå frem, vil avhenge av flere faktorer, hvor store figurene er, hvor stort feltet er og hvor mye tid som ønskes å legges i kalkeringen. Dersom det f.eks. er ett fragmentert skip og noen skålgroper, er det enklest og raskest å tusje figurene helt igjen, da fremstår linjene som heltrukne og sorte. Mer kompliserte figursammensetninger, tynt huggete og med overhugninger, eller figurer som varierer i dybde og tydelighet, blir bedre med en annen teknikk. Mellom avgrensingslinjene bygges det opp en struktur basert på prikker, dype figurer blir tettere prikket enn de mindre dype, slik oppnås en form for tredimensjonal presentasjon. Ved nattpotografering brukes samme teknikk, og samme utstyr, som ved kalkering, lyskasteren skrånstilles og bevegges frem og tilbake under eksponeringen. Ved bevegelse av lyskilden får man et gjevere og mer utfyllende lys. Det har blitt eksperimentert en del med forskjellige fotoutstyr, brennvidder, filmformater, film og lyskilder. Best resultat har vi fått med større filmformater 6 x 6 eller 6 x 7, en svak vidvinkel og bruk av negativ fargefilm. Mange minutters eksponeringstid er nødvendig for å utfylle alle skygger og få maksimal kontrast i fotografiet. Dette har foreløpig ikke digitale kameraer hatt mulighet til. Etter hvert vil sikkert også de digitale teknikkene bli bra nok til denne eksponeringen.

Kalkering av de berørte helleristningsfeltene, jf. tabell 1_1 er utført av David Vogt i 2004 og 2005. Nattpotografering av lokalitetene er utført av Jørn Bømer Olsen i 2005.

ARKEOLOGISK PRESENTASJON (LHV)

Tungården (lokalitet 17)

Lokaliteten befinner seg på Tungården (25/14) i Halden kommune, like ved grensen til Sarpsborg kommune, om lag 17–20 moh., se figur 2_2. Her har eksisterende veibane skåret gjennom en større bergknaus, like sør for Grimsøyveien. På nordsiden av E6 er det registrert ristninger fra bronsealder på en av bergknausene (ID 100071). I området er det også ristninger fra nyere tid. Helleristningene på



Figur 2_1: David Vogt kalkerer et helleristingskip. Foto: Anne Tømmervåg.

Figure 2_1: David Vogt depicting a rock carving ship. Photo: Anne Tømmervåg.

Tungården er registrert i tre omganger. I forkant av etableringen av E6 i 1977 ble det registrert tre felt med ristninger på bergkollen. Det dreier som om figur 1, en samling av minst 11 skålgroper, samt to større skålgroper (Haraldsen 1977a). De fleste øvrige figurene ble registrert i 2002, i forkant av breddeutvidelsen av E6 (Vikshåland 2003b). Feltet med minst 11 skålgroper ble ikke gjenfunnet ved denne registreringen, og ble antatt å være tapt. I forbindelse med tildekkingen av lokaliteten i 2005 ble imidlertid skålgropene gjenfunnet under et lag med mose. På lokaliteten er det figurer også på toppen av bergknausene, og ikke bare nede ved åkerkanten.

Figur 1

Figur 1 består av tre linjer, tolket som venstre del av en ufullstendig tolinjet båtfigur. Figuren er om lag 45 cm lang, og 28 cm høy. Avstanden mellom antatt relingslinje og kjøll er 8 cm, jf. figur 2_3 til figur 2_5.

Tabell 2_1: Bergkunstprosjektets riktlinjer for sikring (Bergkunstprosjektet [online]).

Table 2_1: Policies for Bergkunstprosjektet (Bergkunstprosjektet [online]).

Sikring fase	Definisjon
Fase 1: Dokumentasjon	Dokumentasjon inkludert tilstandsvurdering (arkeologisk og teknisk/naturvitenskapelig dokumentasjon, billedokumentasjon og eventuelt tradisjonsmateriale der dette anses som relevant). Sikring av kildematerialet, premisser for tiltak.
Fase 2: Skjøtselsplan m/ skjøtselsavtale	Skjøtselsplan utarbeides, samt skjøtselsavtale/intensjonsavtale. Det kan brukes en standardisert mal som legger føringer for tiltak på kort og lang sikt, samarbeidsformer og faglig og økonomisk ansvar.
Fase 3: Tiltak	Eventuelle nødvendige strakstiltak (nødkonservering) iverksettes. Når fase 3 er gjennomført (der dette er nødvendig), regnes sikringen som fullført. For øvrig er sikringen fullført når fase 2 er gjennomført.
Fase 4: Oppfølging	Oppfølging, rullering og revisjon.

I sikring fase 1 skal det gjennomføres billed- og tilstandsdokumentasjon. Som regel vil dokumentasjon utført av arkeolog og teknisk konservator være tilstrekkelig, men i enkelte tilfeller kan det være ønskelig eller nødvendig med bistand fra for eksempel botaniker og geolog. I enkelte lokalmiljøer vil bergkunstlokaliteter ha en spesiell betydning, og dokumentasjon kan her også omfatte eldre og nyere kulturhistorisk dokumentasjon. Dokumentasjonen brukes videre i arbeidet med sikring fase 2 - utarbeiding av skjøtselsplan.


Dokumentasjon omfatter arkeologisk og teknisk/naturvitenskapelig dokumentasjon, tilstandsvurdering, billedokumentasjon og eventuelt tradisjonsmateriale der dette anses som relevant. Det er ønskelig at man ved dokumentasjon engasjerer en så bred faglig ekspertise som mulig, men i som regel er det tilstrekkelig med dokumentasjon utført av arkeolog og konservator.

Dokumentasjonen samles i Bergkunstdatabasen. Innlegging av data vil pågå så lenge Bergkunstprosjektet varer. Etter dette skal data overføres til riksantikvarens database for kulturminner – Askeladden. (lenkes) Ved siden av verbal dokumentasjon, er det nødvendig med en grundig billedokumentasjon. Til helleristninger benyttes som regel kalkering, men også frottage er en god metode der bergflaten er egnet til dette. Etter hvert ser vi også at skanning vil bli en mye benyttet metode. Foreløpig er denne metoden lite utprøvd i Norge, og vi mangler erfaring med bruk av dette materialet.

Riksantikvaren har laget en minimumsmal for fotodokumentasjon av bergkunst, men det er selvsagt både nødvendig og ønskelig å gå ut over denne. En av de store oppgavene etter prosjektslutt, blir å samle og sikre tilgang til foto og kalkeringer.

Skjøtsel

For å oppnå gode resultater med skjøtsel, er det viktig at arbeidet er godt planlagt og dokumentert slik at alle parter er innforstått med sine ansvarsområder og oppgaver. Prosessen er som regel slik at landsdelsmuseet foretar dokumentasjon og fyller ut deler av skjøtselsplanen. Deretter overtar fylkeskommunen, som har ansvaret for videre utarbeiding av planen og iverksetting av tiltak



Figur 2_2: Oversiktsbilde over Tungården (lokalitet 17). Ortofoto: Statens vegvesen. Illustrasjon: Per Erik Gjesvold.

Figure 2_2: Overview of Tungården (site 17). Orto photo: The Norwegian Public Roads Administration. GIS Application: Per Erik Gjesvold.



Figur 2_3: Tungården (lokalitet 17). Fotografi av bergflaten med figur 1, 2, 3 og 4. Bildet er tatt mot nordvest. Foto: Ann Monica Jensen Buelev, Østfold fylkeskommune.

Figure 2_3: Tungården (site 17). Photo of the rock surface with figure 1, 2, 3 and 4. The picture is taken to the northwest. Photo: Ann Monica Jensen Buelev, Østfold County.


Figur 2

Figur 2 er en enlinjet båtfigur like under, og noe til høyre for figur 1. Båtfiguren har høyreste stavner og 15 mannskapsstreker. Figuren er 67 cm lang, venstre stavn er 20 cm høy, og høyre stavn er 25 cm høy. Mannskapsstrekene er mellom fire og fem cm høye, og står med en avstand på mellom to og fem cm fra hverandre. Begge stavnene er svakt buet, med markert bøy utover øverst. Det er en viss mulighet for at figuren ikke er komplett, i og med at det er en linje til venstre for båtfiguren, som kan være en markering av en dobbelstavn. Dette må imidlertid ansees for å være

noe usikkert. Bergflaten med figur 1 og 2 har en helning på 62 grader, og vender ut mot dyrket mark i sør. Avstanden mellom nedre del av figur 2 og markoverflaten er i overkant av 40 cm, jf. figur 2_3.

Figur 3

Figur 3 befinner seg på en berghylle om lag 1 meter nordøst for figur 2. På en flate som skråner lett mot øst er det her hugget inn noen linjer som er vanskelig å tolke. En av linjene kan muligens være høyre stavn til en påbegynt båtfigur, mens den andre er for usikker til å kunne si noe om, jf. figur 2_3 og figur 2_4.



Figur 2_4: Tungården (lokalitet 17). Kalkering av figur 1, 2, 3 og 4. Kalkering: David Vogt, Kulturhistorisk museum. Illustrasjon: Kristina Steen.

Reaksjon (4) og (5) er likevel uavhengig av svovelkis, og vil også gjelde for jernmineral med to- og treverdig jern (ulike typar «rust»; jernoksihydroksid) samt jern frigjort ved desorpsjon. Tørrskorpeprøva M1, med naturleg danna rust, var rik på fine riss med ein open struktur. Årsaka til at pH-verdien fell tidleg i

forsøket, er truleg at det alt er oksygen og to- og treverdig jern til stades, slik at reaksjon (4) og (5) går direkte utan bidrag frå svovelkis (3). I den plastiske leira (M2 og M3) fell pH-verdien i forsøket først etter at leirstrukturen er broten ned og luft er komen til. På grunn av det tydelege innslaget av Mn-oxid er det grunn til å rekne med at den syreproduserande reaksjonen (1) blir verksam så sant toverdig jern er tilgjengeleg. M2 har meir Mn-oxid enn M3 og dette kan vere ei god forklaring på korfor pH i M2 minkar raskare enn i M3. På den andre sida var det også ein tilsynelatande klar samanheng mellom lågaste pH-verdiar og utfelling av rust i alle prøvene. Det er dermed sannsynleg at også reaksjonane (4) og (5) gav viktige bidrag til syreproduksjonen i forsøket.

Syreproduksjonen er etter alt å dømme eit resultat av redoksreaksjonar som er avhengige av manganoxid, frigjort toverdig jern, vatn, og oksygen. Dei lågaste pH-verdiane er knytta til oksiderande kjemisk miljø. Det faktum at pH-verdien stiger igjen i M2 og M1 etter at lokka vart sette på igjen, viser at oksygen blir forbrukt, slik at det kjemiske miljøet blir meir reduserande og dermed produserer mindre syre.

b) Utvikling av pH i leirfylling på lang sikt

Resultata i denne undersøkinga samsvarer godt med gamle analysar av Borgeleira: Bjørlykke (1933) rapporterer pH-reaksjonar innan intervallet 6,42–6,86. Men våre forsøk har også vist at denne leira kan utvikle seg negativt. Det er likevel mogleg å oppnå pH = 6–7 i kontakt mot bergkunsten så sant ein unngår uheldig påverknad frå vatn og luft, både på kort og lang sikt. Ein valde derfor å bruke plastisk leire, og det vart lagt vekt på følgjande:

- forhold under uttak, transport og utleggjing
- optimal og frostbestandig geoteknisk design
- lang tids stabilitet (geokjemisk og geoteknisk)

Tida var knapp, og på eitt tidspunkt vart det sett fram forslag om å grave ut leira på Borge ein gong for alle og så mellomlagre ho inntil vidare. Tanken var då å leggje ut leira på dei ulike felta litt etter litt, og det kunne fort gå minst eitt års tid før arbeidet med tildekkinga var ferdig. Men laboratorieundersøkingane viste at gjentatt graving og langtids lufting kombinert med regn truleg ville

føre til at leira vert oksidert. Dette ville kunne føre til at endeleg utlagt leire alt kunne ha utvikla seg i retning av stiv tørrskorpeleire som ville gje sur pH reaksjon. Ut frå reine geokjemiske argument gjekk ein derfor inn for å grave ut, transportere og leggje ut leira på ein og same dag for kvart helleristingsfelt. Leira var då fortsatt å rekne som nær uforstyrta etter utleggginga. I den geotekniske designen nytta ein plastisk leire på sjølve hellestingsflatene, og stabiliserte med stivare tørrskorpeleire omkring. Elles vart det lagt ut geotekstil med to ulike steinlag over, for å sikre stabilitet og optimal drenering og vegetering (sjå Berg og Oset dette band).

Så lenge det opphavlege naturlege porevatnet i den plastiske leira er uforstyrta, vil pH-verdien i kontakt mot helleristingane vere nær nøytral. Kornfordelingskurver for leira viser dominans av leirfraksjonen. Ut frå dette kan ein grovt estimere ein permeabilitet på ca. 10–7 m/sekund, som er lågt. Det vil ikkje vere statisk vasstrykk over konstruksjonane (jamfør drengslaget, sjå Berg og Oset dette band). Porerommet i norske plastiske leirer er som regel fullstendig vassmetta (Rosenqvist 1956), og fleire titals prosent av porevatnet i tett leire er ikkje-drenerbart. Det er dermed vanskeleg å tenke seg at det nøytrale naturlege porevatnet vil bli erstatta med oksygenrikt og til dels surt overflatevatn.

Vilkåra for å senke pH-verdien under akseptkravet på pH = 5 i delar av den plastiske leira vil neppe oppstå før konstruksjonen er under fullstendig nedbryting og neddykka i vatn. Det faktum at pH-verdien stort sett auka litt i slike prøver, viser at leira har ein viss bufferkapasitet sjølv etter lufting og kraftig omrøring. Det er sannsynleg at eit normalt vedlikehald av røysene vil vere tilstrekkeleg for å hindre ei negativ utvikling. Røter frå plantar vil også stort sett følgje drengslaget, og vil ha vanskeleg for å trenge ned i leira under.

Undersøkingar ved isotopmålingar viste at ein klarte å leggje ut plastisk leire med praktisk talt identisk densitet som i den naturlege tilstanden på Borge (sjå Berg og Oset dette band). Dermed er leira såpass lite permeabel at det kanskje vil gå opptil fleire hundre år før ein kan vente seg negative kjemiske endringar i dei nedre laga mot bergkunsten. Det er likevel etablert eit kontrollsystem med tanke på å verifisere dette.

VEGETASJONSRAÐGJEVAREN SIN ANBEFALING FOR OVERDEKKING (TE)

Eg vart kontakta av Statens vegvesen våren 2005 i samband med at dei fekk pålegg om tildekking av fleire helleristingsfelt ved E6 i Østfold. Spørsmålet var om og korleis ein kunne styre vegetasjonsutviklinga for å unngå planterøter i tildekkingslaga.

Den første reaksjonen min på førespurnaden var å tilrå at tildekkinga burde utførast med material som ville gi tørre og skrinne forhold. Slik kunne ein favorisere tørkekjær vegetasjon, som vil halde seg i dei øvste laga av lausmassane, medan planter med kraftige røter som går djupt, ville verte hindra i å etablere seg.

Etter å ha grunna over spørsmålsstillinga ei stund (normalt arbeider vegetasjonsrådgjeveren for at vegetasjonen skal ha best mogleg vekst, og ikkje for å bremse veksten!), slo det meg at eg hadde indirekte kjennskap til ein interessant metode som kunne gjere bergoverflatene med helleristingar nærast heilt utilgjengelig for planterøter. Metoden var å dekke bergkunsten med pakningar av komprimert leire. Over dette kunne det leggjast andre typar av lausmaterial i ein haug eller jordvoll.

Skadar som skuldast vegetasjon

Vegetasjon kan skade tildekka bergkunst på fleire måtar. Røter kan gi reint mekanisk skade ved å sprengje seg inn i sprekker i berget. Levende røter aukar forvitringa av berget ved at dei avgjer H⁺-ionar som eit ledd i opptaket av plantenæringsstoff. Dei nære omgjevnadene til planterøter (rhizosfæren) dannar nisjar for eit utall av jordorganismar, som vil være årsak til stor kjemisk forvitring.

Helleristingar utgjer fordjupingar i berg. Etter overdekking kan desse fordjupingane komme til å bli reservoar for vatn eller plantenæringsstoff. Det er registrert at røtene ser ut til å kunne oppsøke slike reservoar. Enkelte treslag er for eksempel notorisk kjent for å finne dei svake punkta i vatn- og kloakknett eller i kabel-leidningar i sin jakt på oksygen, vatn og plantenæringsstoff med røter som kan ha ein rekkevidde på over 20 meter (Kramer og Kozłowski 1979).

Bakgrunn for å føreslå leirpakningar

Forslaget om å bruke komprimerte leirpakningar har sin bakgrunn frå undersøkingar om årsaker til utgang av gatetre i Danmark på 1980/90-tallet (Randrup 1996, 1993, personlige samtalar), samt i generell kunnskap om eigenskapar hos ulike typar av lausmassar (Scheffer og Schachtschabel, 1998).

I dei danske undersøkingane fann dei at

jorda på stader med mykje planteutgang påfallande ofte var sterkt komprimert. Skadane viste seg alltid på jord med eit visst leirinnhald. Trea gjekk ut fordi rotveksten stoppa opp eller vart hindra. Det vart konstatert kompresjonsskadar som skreiv seg frå trafikkbelastning eller bruk av tunge anleggsmaskinar.

Problem med veksthemming på grunn av jordkompresjon er godt kjent frå jordbruket. Tilstanden kallast traktose. Men i jordbruket vert ikkje problema like merkbare som hos gatetre. I jordbruket løysast stadig toppjorda i plogsjiktet slik at eitt- eller få-årige kulturar (korn, potet, grønsakar) kan dyrkast. To faktorar gjer tilstanden ved traktose verre: mykje vatn i jorda (køyring på våt jord) og høgt leir- og siltinnhald.

Dei danske studiane viste at komprimering som var skjedd 15 til 35 år tidlegare ikkje vart oppheva eller minska ved naturlege prosessar. Den einaste måten å forbetre tilhøva på var ved mekanisk løysing av jorda.

Komprimert leire hindrar rotvekst

Dei plateforma partiklane til leire har normalt ein korthus-liknande mikrostruktur. Partiklane ligg i ulike retningar og nivå. Mellom leirplatane («korta i korthuset») vil det vere væskefylte mikroporer. «Korthuset» vert heldt saman av ulike ladningar mellom leirpartiklane og bindingskreftene i vatnmolekyl. Leire har gjerne marint opphav. Derfor inneheld mikroporene saltfylt væske. Salta spelar ei stor rolle for stabiliteten ved at dei held oppe ein samanbindande ladingsforskjell. Eit spesialtilfelle finn ein hos kvikkleire, kor salta blir vaska ut. «Korthuset» kan da falle saman ved mekanisk påverknad. Jordras i leiområde er resultat av slik utvasking.

Porene sveller når leirjorda er fuktig og krympar når den tørker. I leirjord som inneheld humusfraksjonar og derfor har biologisk aktivitet (røter, meitemark, jordorganismar), eller i overflata, kor leira skrumper og utvidar seg med klimapåverknad (tørkesprenging), dannast ein struktur med større porer; sekundærporer. Sekundærporene inneheld flyttbart vann og jordluft og er over 30 µm store, ofte over 60 µm. Sekundærporene er transportveier for jordvæske og jordluft, som er ein føresetnad for at planterøter kan leve og trivast i jordsmonnet.

Plantene sine rotceller er avhengige av oksygen frå jordlufta for å oppretthalde sin metabolisme. Rotcellene hos dei fleste tre må ha O₂-nivå som tilsvare minst 10 % av jordlufta. O₂-nivået i jord minkar med djupna. Planter er også avhengige av tilgang på vatn og plantenæringsstoff frå jordvæska som transporterast i mellomstore og store sekundærporer. I leire vil jordvæska flytte seg i

middels store porer. Jordluft kan berre bli transportert i større porer. Derfor utviklar trær sjeldan røter langt ned i jordprofil med små porevolum.

Blant tre førekjem enkelte spesialistar med røter som også kan klare seg i svært fuktige miljø. Hos oss gjeld dette særleg arter i vierfamilien, blant anna osp og pil. Deira spesialisering går ut på å hente ut oksygen frå flyttbart vatn. Om sekundærporene blir øydelagde ved kompresjon, blir sjølv røtene til desse artane stoppa.

Leirhaldige massar vil derfor ved ein viss kompresjonsgrad vere ugjennomtrengjelege for alle planterøter.

Konstruksjon av leirpakning

Tilrådinga går altså ut på å leggje eit sjikt av leire som komprimerast direkte på bergflata der helleristingane skal bevarast. Over dette laget bør ein nytte andre lausmassar.

Det kan diskuteras om det bør plasseras ein duk mellom leirpakningen og bergflata. Duken kan gje ein ekstra sikring mot at røter kan trengje ned til helleristingane og at kjemisk aktive stoff får sige ned frå leirpakninga og skade berget.

Ein slik duk vil skilje lausmassane frå underlaget. Mellom lausmassane og berget kan det hope seg opp kondensert vatn. Jordvæske med oppløyse salt kan kome til å «klatre» kapillært langs duken. Det må også takast med i vurderinga at flaum eller kraftig regnfall kan utløyse situasjonar kor duken kan «løfte» leirpakningen. Ut frå dette tilrår eg at det ikkje nyttast duk mellom berg og pakning.

Materialet i leirpakningane bør vere ei godt sortert leire av marint opphav, som faller inn under kategorien «stiv leire» (over 60% leire). Det bør ikkje vere større fraksjonar enn silt i massane. Humusnivået bør vere svært lavt og dokumentert med nøyaktige målingar. Mektige undergrunnsleirelag kan ofte ha svært lave humusnivå. Ein må sjølvstilt unngå utvaska leire med dårleg partikkelbinding (kvikkleire-tendensar).

Eit anna problem er kor mektig pakningen må vere for å hindre rotgjennomgang. Ein tjukkeleik på 30 cm vil kanskje vere tilstrekkeleg. Men for å vere sikker på at pakningen er heilt ugjennomtrengjeleg for røter, er det tilrådeleg å bruke mektigare sjikt. I praksis kan ein del av leirmassen kome til å bli utilstrekkeleg komprimert. Det er også viktig å unngå risiko knytt til at det kan kome småskader i pakningen med tida. Eg tilrår derfor at pakningen er over 60 cm tjukk.

Toppen av leirpakningen bør vernast mot uttørring, utvasking og erosjon. Her kan ein nytte praktisk kunnskap frå bruk av leirpakningar som tetningsmasse i kunstige vatnbasseng. Leira blir «smurt» i toppen. Den «smurte» overflata gjer at vatnet frå bassenget vanskeleg kan rive laus partiklar.

Komprimering

Sand vil motstå kompresjon på opp til 1,75 tonn per m³, mens leire berre tåler opp til 1,4 tonn per m³. Den øvre kritiske grensa for dei fleste jordtypar og planteartar ligg ved ein densitet på over 1,65 tonn per m³ (tilsvarar trykk omkring 2 MPa).

Kompresjonen fører til at dei store porene (sekundærporer over 30 µm) i jorda blir pressa saman, medan mikroporene består. Dermed forsvinner porene kor rotveksten finner stad, samtidig som jorda nesten heilt mister evna til luftskifte og gasslagring.

Tid og trykk er viktig for korleis jorda skadast. Trykkbelastning fører til elastisk deformasjon i byrjinga av kompresjonsfasen. Hos jord er fasen med elastisk deformasjon så kortvarig at den nærast er teoretisk. Kompresjon fører nesten umiddelbart til ein plastisk, altså varig, deformasjon. Sjølv utan trykk over lang tid oppstår ein kraftig kompresjonsskade, men lengre tidsspenn vil auke deformasjonen.

Kompresjon utførast med vanlege reiskapar, helst ved systematisk køyring med tung maskin eller reiskap. Det er viktig at arbeidet med kompresjon vert gjort når leira er fuktig. Det må spesifiserast at leirpakninga si overflate ikkje skal utsettast for uttørring undervegs. Ein fuktsperre kan eventuelt leggjast over leira om det er fare for uttørring.

Det bør utførast målingar for å kontrollere at leirpakningen er komprimert. Ved konvensjonell metode tar ein prøver av kjent volum ut med jordbor. Prøvene vert tørka ved 105–110° C i 24 timer før dei vert veid. Ein får då eitt uttrykk for kor tett massen er (densitet). Men densiteten gjev ikkje direkte uttrykk for kor gjennomtrengjeleg jorda er (permeabiliteten) i forhold til røter. Eit betre inntrykk kan ein skaffe seg ved å gjere målingar med eit penetrometer. Dette instrumentet måler mekanisk motstand, altså kor gjennomtrengjeleg jorda er i høve til motstand (røter). Dette er ein betre parameter for tilhøva for rotvekst. Undersøkingar om permeabilitet har prova teorien om at komprimerte jordmassar med mye leire er ugjennomtrengjelege.

Massar over leirpakning

Jordvullen over leirpakningen bør utformast etter kva material ein har tilgang til samt dei lokale tilhøva. Lausmassane i jordvullen skal verne leirpakningen mot skader. Overdekkingsområdet bør utformast slik at det er tilpassa omkringliggjande miljø og terreng.

Forskyvingar på grunn av frost i skiljelaget mellom pakning og bergflate kan vere fatale. Overliggjande lag må derfor dimensjoneras slik at tele ikkje kan skade bergkunsten. Lokale klimadata vil kunne fortelje kor tjukke laga må vere for at bergkunsten skal ligge på telefri djupn.

Overflata til leirpakningen må som nemt ikkje bli så tørr at det oppstår tørkesprekker (makroporer). Det bør heller ikkje kome til så mykje fritt vatn at pakningen blir erodert eller utvaska. Massane over leirpakningen må derfor være fuktbevarande, samtidig som det fuktige laget ikkje skal gje grunnlag for stor plantevekst. Massane må også tåle belastning frå ferdsel av dyr og menneske.

Det er nærliggjande å foreslå eit lag med grov, sortert og godt vaska elvegrus i et sjikt på 30 cm over leirpakningen. Ein slik grustype inneheld ikkje kolloidalt materiale og gjev skrinne forhold for planter. Gruslaget vil bremse overflatevatn på jordvullen, slik at det ikkje kan erodere leira. Det vil også dannast ein fordampingssperre som hindrar full uttørring av pakningen sin overflate. Gruslaget bør være fuktig ved pålegging og straks komprimerast («hoppetusse») under forsiktig tilgang på vatn.

Terrengutforming og vegetasjonsutvikling

Eg tilrår å byggje jordvullen over pakninga i haugform (konveks). Slik vil overflateavrenning i alle retningar hindre at (mykje) væske trengjer inn eller lagrast. Vullen bør ha så slak helling som råd fordi det vil gjere konstruksjonen meir stabil. Den bør ikkje ha gropar i overflata som kan gje ujamne forhold i høve til fukt.

Tilhøva i utkantane av jordvollene byr på mange utfordringar. Her vil det oppstå skiljesoner kor både vatn, jordvæske, luft (oksygen, andre gassar) og røter med rhizosfære kan trengje inn. Det tilrådest derfor at jordvollene blir dimensjonert langt ut over dei helleristingane som skal konserverast. Ein bør vidare overveie nøye kva slags tiltak som elles kan gjerast for å hindre uheldig inntrenging langs kanten av jordvullen.

Ved terrengforming må det også takast omsyn til at jordvollene skal passe inn i det lokale landskapet. I enkelte landskap vil det vere riktig å la tildekkingsvoller være så slakke at dei nesten er flate. Der helleristingsfelt ligg i åkerlandskap, er det nærliggjande å foreslå at vollene kan likne på rydningsrøyser som frå før er et vanlig element i landskapet. Røysene kan enkelt leggjast opp av lokal rydningsstein over underliggjande konstruksjonar. Overdekkingslag med slike grove steinmassar vil danne eit ugjestmildt og tørt miljø, som vil seinke etablering av skadeleg vegetasjon.

Skal det etablerast vegetasjon på vollen, bør denne høyre heime i det lokale landskapet. I naturprega omgjevnader kan ein satse på vegetasjon som vandrar inn spontant. I kulturlandskapsprega omgjevnader kan tilsåing med ekstensive og tørketålande grasartar vere eit godt alternativ. Fremstad (1997) si oversikt over vegetasjonstypar i Noreg kan nyttast som plangrunnlag.

Kantvegetasjon langs jordvollene kan vise seg å vere eit stort problem ved overdekking. Som tidlegare omtala kan røter av enkelte treslag kome svært langt for å hente vatn. Ein skal også vere klar over at eit kvart inngrep i jord vil føre til at det vert frigitt plantenæringsstoffar som er minimumsfaktorar for planteetablering i naturen. Bringebær er for eksempel ein art som ofte dukkar opp på randsoner etter anlegg, og som har relativt «aggressive» røter.

Skjøtsel

For vegetasjonen vert det tilrådd å definere eit sett med skjøtselstiltak og ettersyn som skal utførast årleg. Desse tiltaka må også gjelde områda rundt vollen for å unngå problem frå kantvegetasjon.

Det bør utførast minst ein årleg slått. Slik kan ein hindre etablering av urter med kraftige rotsystem. Slåttetidspunkt (og eventuelt hyppigheit) avgjerast etter vegetasjonstype. Samstundes bør eventuelle buskar eller tre skjærast bort. Arbeidet kan utførast med rotorljå, eller med slåmaskin slik at treaktige skott, urter og gras slås samstundes. Gras og anna vegetasjon frå slåtten bør alltid fjernast. Om plantematerialet blir liggande, samlast humus og plantenæringsstoff slik at attgroinga kan skyte fart.

Husdyrbeiting er eit vel så eigna verkemiddel som slått for å halde vegetasjonen nede og anbefalast der det er mogeleg. Det er då avgjerande at beitepresset er tilpassa slik at jordvollene ikkje vert nedslitte, samtidig som vegetasjonen vert halden i sjakk.

Sjølv med ein god skjøtselplan kan busker eller tre kome til å vekse seg grove og utgjere ein trussel mot dei overdekte kulturminna. Nedtaking av større tre må utførast fagleg forsvarleg. Det er viktig å ta ned tre til rett årstid for å hindre kraftig oppskottvekst. Punktbehandling av stubbar med glyfosat er ein nyttig metode. Om slik punktbehandling utføres på rett måte og til rett årstid, er det lite truleg at plantevernrestar kan kome i kontakt med dei overdekte kulturminna. Eit anna verkemiddel er å ringe trea, men også denne metoden krev gode kunnskapar hos den som skal utføre arbeidet.

Levetid-inspeksjon

Sidan metoden med komprimerte leirmassar er ny, finnest det ikkje grunnlag for å stipulere levetida til jordvullen. Sjølv om det yste laget er bygd opp med grove grus/sandmassar vil det stadig hope seg opp humusmateriale og næringsrike kolloider i krikar og krokas som vil halde på jordvæske. Dette vil på sikt endre vekstforholda og gje ein annen vegetasjonstype.

Kor effektivt leirpakningen vernar massane, er den andre viktige vurderinga som må gjerast. Tiltaket bør verte sett på som eit forsøk, slik at ein

allereie på planstadiet bestemmer at i kvart fall ein jordvoll skal opnast etter ganske kort tid (3–5 år) for å kontrollere tilstanden.

Ei anna fornuftig løysing kan vere å innrette ein «referansevoll» som leggast opp på berg utan kulturminne. Referansestaden bør byggjast samtidig, med same material og utføring. Etter ei viss tid eller ved mistanke om at bergkunsten kan skadast, kan referansevollen opnast.

FELLES DISKUSJON OM OVERDEKKINGSMETODE (KMB MED BIDRAG AV FO)

Prosjektet starta ved at steinkonservator Eva Ernfridsson hadde med ei skisse til diskusjon om korleis overdekkinga skulle gjerast. Denne skissa tok utgangspunkt i ein metode for overdekking av helleristingar som var gjort i Sverige. Den viste ein geotekstil av polypropylen nedst inn mot bergoverflata, 40 cm leire over dette, så eit lag olivingrus som ein kjemisk buffersone og til slutt eit jordlag øvst med eit vegetasjonstekke på toppen. Vegetasjonen burde vere ein art som ikkje hadde djupe røter, men skulle hindre erosjon slik at dei underliggjande massane vart halde på plass.

Utgangspunktet var at ein ønskte å finne ei einsarta leire for å ta prøver, slik at ein kunne analysere kornfordeling og kjemisk innhald. Fagfolk frå både Statens vegvesen og frå arkeologisk side hadde tru på at leire hadde gode eigenskapar og egna seg til føremålet. Med rett fuktinnhald ville leira vere mjuk og ha ein smørjande eigenskap. Dette var viktig for at det ikkje skulle verte mekanisk skade på helleristingane. Vidare har leire stor evne til å motstå tørke, forureining og kjemisk og mekanisk forvitring. Ved normale strømningsgradienter i jord er transporthastigheita av vatn og forureiningsstoff i leire svært lav, berre nokre centimeter pr. år. Dessutan er leire oftast eit einsarta materiale, og på det viset vil ei kjemisk analyse vere representativ for eit større parti.

Olivingrus

Når det gjaldt olivingrus, stilte representantane frå Statens vegvesen seg meir tvilande til dette. Olivingrus har svært høg pH og forvittrar lett. På den måten ville den vere ein motsetnad til dei jordartar som fanst i området der overdekkinga skulle skje. Fjellgrunnen her var granitt med låg pH i overflata. Statens vegvesen hadde dessutan eit økonomisk motiv til å setje spørjeteikn ved olivingrus då det ville medføre store transportkostnader. Seinare undersøkingar av olivingrus synta at det var svært god plantevekst i slike massar, noko som ikkje var ønskeleg ut frå eit langsiktig driftsomsyn.

Baltisk morene eller andre morenemassar

Det var mange «ballar» som vart kasta inn på banen

frå starten. Det vart for eksempel diskutert å bruke baltisk morene, eit materiale som inneheld svellande leire med gode kationkvalitetar og som blir relativt tett. Dette måtte i så fall transporterast frå Skåne, noko Statens vegvesen ikkje var særleg nøgde med. Ut frå transportkostnadene meinte dei at det i staden var meir riktig å bruke lokal leire. Dessutan ville denne sannsynlegvis vere meir nøytral enn baltisk morene, slik at den ikkje ville heve eller senke eksisterande pH.

Ved eventuell bruk av morenemassar ville det dessutan verte behov for å bruke hard komprimering av massane for å få dei til å forme seg tett etter overflata på berget. Dei gruskorn og stein som finst i morenen ville då verte pressa og gnidd mot berget, og kunne føre til uønska mekanisk slitasje. Plastisk leire er eit meir skånsamt materiale, som krev mindre arbeid for å fylle oppgåva.

Tetningsmembran

I Helleristingsgruppa vart det også diskutert å bruke tetningsmembranar i bentonitt eller ulike plast- eller gummimembranar som er handelsvare. Poenget med ein membran måtte vere å hindre vatn og forureining i å trengje ned til bergoverflata gjennom dei overliggjande lausmassane. Frå arkeologisk hald var det skepsis til å nytte material som ein ikkje visste korleis ville oppføre seg over svært lang tid. Fleire ulike fagfolk ønskte heller å bruke naturmaterial som ein visste langtidsverknaden av. Medlemmane i gruppa var samde om dette. Helleristingane har vore eksponert for vær og vind i fleire tusen år, så både dei og fjellet dei er rissa inn i har opptil 1 cm med porøs forvittringshud. Ein var derfor redd for at ukjende material på sikt kunne trengje inn i porene i berget.

Leiting etter leire

Ein måtte byrje å sjå seg om etter leire som det kunne takast prøver av. Føremålet med leira, var at den skulle vere så tett som mogleg og forme seg godt etter berget. Det meste av leira som er tilgjengelig for slik bruk er marint avsett. Innhaldet av salt tyder noko for leiras plastisitet og stabilitet i utlagt tilstand. Dersom saltet er vaska ut, vil leira oftast vere svært sensitiv og lett bli flytande («kvikk») ved graving eller utleggjing.

Stabiliteten av leirfyllinga ville avhenge av skråningshøgda, vasstilgangen og skjerstyrken til den omrørte leira. Då me ønskte ei plastisk leire, ville den ikkje la seg komprimere i nokon særlig grad med vanleg komprimeringsutstyr. Det var usikkert kor bratt skråningane kunne byggjast før utprøving på staden, men overflateerosjon ville truleg ikkje vere noko problem fordi dekkmassane ville hindre vatnet frå å renne med stor fart på overflata.

Geoteknikarane frå Vegdirektoratet hadde gode kunnskapar om grunntilhøve langs E6-traseen i Østfold, både frå ulike jordboringar som var gjort og

frå erfaringar med tidlegare E6-utbygging. Ein visste at det var mykje leire i området, men problemet var at det var eit lag tørrskorpeleire øvst, og at det lengre nede ofte var svært blaute leirmassar i form av kvikkleire. Slike blaute massar ville ikkje vere stabile. Dei ville flyte utover dersom ein skulle fylle dei over ein bergkule med helleristingar. Sjølv tørrskorpeleira var ikkje lenger plastisk og ville derfor ikkje lenger ha dei kvalitetane som var ønskelege. Det vart diskutert å lage ei form med tørrskorpeleire yst og fylle blautleire opp i midten, men ein trudde det ville verte eit underleg såteforma byggverk som raga opp i landskapet på ein unaturleg måte.

Eit anna problem som meldte seg, var i høve til framdrift og gjennomføring. Ganske tidleg vart det klart at ein ikkje ønskte mellomagring av leirmassane som skulle brukast. Kvaliteten kunne verte dårlegare med transport og lagring. Dersom ei god kvalitetsleire vart funnen etter at anleggsdrifta på vegen var byrja, ville det vere svært kostbart å stanse arbeidet for å ta dei naudsynte analysar før ein kunne ta ei avgjerse om bruk eller ikkje. Dersom ein skulle byrje å leite etter leire i traseen på førehand, måtte ein kanskje grave mange stader før ein fann den leira som var høveleg til formålet. Vidare måtte ein få til avtale med ulike grunneigarar om graving og køyring på dårlege gardsvegar og over åkerland med øydelegging av avling som resultat.

Som følgje av dette kom ideen om å kontakte Optiroc, no Maxit AS som hadde drive med leireutvinning i Østfold til sin Leca produksjon. Dei sat med gode data på stader der leire var tatt ut, men var i ferd med å leggje ned verksemda då me kontakta dei. I samarbeid med dette firmaet fann me fram til ein aktuell stad der det fanst plastisk leire. Denne var såpass seig at det kunne vere råd å leggje den oppå helleristingane utan at det heile berre rann bort. Den aktuelle staden var Gretnes ved Borge, Fredrikstad, ikkje langt frå overdekkingsstaden på Årum. Areal her skulle snart klargjerast for utbygging. I mellomtida fekk me lov å ta prøver av leira til analyse på laboratorium før me inngikk endeleg avtale om uttak.

Den aktuelle leira frå Gretnes gard viste seg å vere godt sortert med meir enn 30 % leirinnhald (mineralkorn mindre enn 2 µm) og vassinnhald på ca. 40 % (vektprosent av mineralisk innhald). Korngraderingskurvene nedanfor viser fordelinga av ulike kornstorleikar i leira i prøvene frå Borge. Vertikalaksen til venstre i diagrammet angir prosentandel mindre enn den aktuelle kornstorleiken, sjå figur 3_13

Grunnvassig

Forskjellige former for drenering vart diskutert. Ingen visste på førehand korleis siget av grunnvatn var i området og det vart frykta artesisisk vatn, dvs. at grunnvatn følgjer sprekksoner i fjellet og kan kome

opp til overflata på ulike stader. Ved synfaring på dei ulike stadene vart det ikkje avdekkja slike tilhøve i nærleiken av helleristingane. Dette ville i så fall ha kravd særskilte dreneringstiltak med omsyn til overdekkinga.

Teledjupn


Ein av funksjonane til overdekkingsmaterialet skulle vere å hindre frost i å trengje ned til helleristingane ovanfrå. 100-årstele i Østfold kan gå ned til 2 meter i grus. Frost som trengjer 1 meter ned i grus, vil derimot berre trengje 0,7 meter ned i leire. Men det er så spesielt med slike frostmengder som går ned til 2 meter at me i Helleristingsgruppa bestemte at 1 meter overdekking var godt nok. Sjølv tynn overdekking på helleristingar i området har vist gode resultat over lang tid (jf. Alvim nordre, lokalitet 55). Frosten trengjer ikkje vesentleg djupare inn i berg enn i lausmassar. Ved å dekkje til berget minimum eit par meter utafor helleristingane så vil dei og vere sikra mot at frosten trengjer inn frå sida.

Bruk av duk

Temaet var både om det skulle vere ein duk der vatnet kunne trengje gjennom og om kvar den skulle liggje i konstruksjonen. I byrjinga var det tenkt at ein geotekstil skulle leggjast nedst inntil helleristingane og vere som eit vern mot mekanisk skade ovanfrå. Men det var mogleg at ein duk av for eksempel polypropylen kunne verke som ein veke og trekkje inn fukt frå omgjevnadane som kunne skade helleristingane. Det ville vere vanskeleg å forsegle kanten av duken slik at den ville bli tett med omsyn til vatn.

Ei anna sak som og vart diskutert i Helleristingsgruppa, var om det i praksis var mogleg å leggje duken heilt inntil berget? Helleristingane låg på fleire stader på berg med bølgjande form, og det ville lett kunne bli skrukke på duken. Då så ein for seg at det kunne dannast lommar der anaerobe nedbrytingsprosessar kunne skje med uheldig gassutvikling. Anaerobe nedbrytingsprosessar kan skje der det ikkje er luft ved hjelp av bakteriar som bryter ned samansette bindingar til enklare bindingar. Det vil for eksempel alltid vere eit tynt lag med lav på berget rundt helleristingane. Ofte vert ikkje dette skrapa bort fordi det kan føre til uheldig mekanisk skade. Det vil kunne starte ei nedbryting, ei rotning av desse lavartane ved ei overdekking. Ut frå dette kom gruppa fram til at det beste ville vere å leggje plastisk leire nedst inntil berget slik at det ikkje vart danna slike holrom. Dei smørjande eigenskapane til leira ville kunne tette alle porer i underlaget og på det viset «forsegle» berget.

Ut frå diskusjonane kom ein fram til at funksjonen til ein geotekstil kunne vere betre dersom den ble lagt høgare oppe i overdekkinga. Ved å leggje denne over leirepakninga kunne den dempe for



Figur 3_13: Kurve for kornstorleik for leira som ble tatt ut på Gretnes gard på Borge i Fredrikstad.

Figure 3_13: A curve illustrating grain size in the clay taken from Gretnes farm at Borge in Fredrikstad municipality.

uttørking av det øvste leirelaget. Vidare skulle den kunne vere eit vern ved plutselige store nedbørsmengder, slik at det ikkje vart erosjon i leireoverflata. Dersom overflata fekk ein konveks form, ville vatnet kunne renne langs overflata på duken og ned på sidene av overdekkinga. Ein fiberduk kunne også ha ein positiv funksjon i å stagge planterøter i å trengje ned i undergrunnen. Det ville vere ein ekstra brems sjølv om dei mest aggressive trerøter kan trengje gjennom slike fiberdukar. Den siste positive eigenskapen til ein slik geotekstil, var at den kunne ha ein varslende funksjon om noko spesielt til eventuelle personar som ufråverande kunne finne på å grave i haugen.

Øvre lag av tildekkinga

Det var eit krav om at øvre lag av tildekkinga skulle føre med seg minst mogleg årlege kostnader til vedlikehald. Vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger laga eit dokument om overdekkinga sett frå ein planteekspert sin ståstad. Også ho hadde god tru på å bruke leire, og viste til at komprimert leire var vanskeleg for trerøtar å trengje gjennom. Som øvste lag var det eit alternativ å bruke eit tynt vekstjordlag med grasvekstar, som anten vart beita eller slått kvart år. Ein annan måte var å etablere eit tørrbakkesamfunn av urter på svært skrinn jord. Det tredje alternativet var å etterlikne rydningsrøysar som fanst i kulturlandskapet med avrunda stein i overflata og ikkje etablere vegetasjonstekke i det heile. Den siste metoden vart valt med unnatak av Alvim, lokaliteten der beitande hestar gjorde det naturleg å velje metode 1.

Mellomlag av natursingel

Helleristingsgruppa diskuterte også å leggje eit mellomlag over fiberduken, men under topplaget. Tanken var at det skulle vere eit ytterlegare vern av geotekstil og leire, særleg med omsyn til uttørking av leirelaget. Ein ønska ikkje uttørking fordi det då ville oppstå sprekker der vatn kunne trengje inn i konstruksjonen. Dette kunne endre leira sin kvalitet ved at det vart danna tørrskorpeleire. At denne prosessen ville skje på det øvre leirelaget, var ikkje til å unngå, men det var ønskeleg å hindre omdanninga i å trengje langt ned. Det vart vedteke å ha eit tynt mellomlag med natursingel (2–25 mm). Ein kunne ha valt knuste steinmassar i form av pukkk eller singel i staden for natursingel, men vegetasjonsrådgjevaren meinte det var mindre forvitring på avrunda natursingel enn på knust stein. Det var eit krav at dei finaste kornstorleikene skulle silast vekk slik at dette mellomlaget ikkje skulle bli ein god veksestad for planter.

Metode for måling av komprimeringsgrad

I Helleristingsgruppa vart det også diskutert korleis leira kunne komprimerast og korleis ein kunne måle dette. Ein ønskte ei lett komprimering, noko som ein

meinte ikkje ville skade helleristingane. Dette var for å unngå at det vart danne luftlommer under utleggjing der vatnet kunne trengje ned. Det var positivt at eventuelle eigensetningar i leira etter utleggjing (utan skjerdeformasjonar kor leira ville bli forskyvd), berre ville føre til at leira vart fastare og mindre permeabel.

Det vart diskutert å nytte georadar eller penetrometer som måleinstrument for komprimeringsgraden. Ein kom fram til at georadar ville gje for usikre resultat og at bruk av penetrometer var uheldig fordi det måtte stikkast eit rør ned i leirekappa, noko som kunne gje ei opning for framtidig vassinntrenging. Ein tredje metode var å nytte troxlermålingar, noko som Statens vegvesen nyttar for å måle komprimering av lausmassefyllingar og asfalt. Fagfolk meinte dette kunne gjerast også for denne type leirfylling. Det måtte då takast prøver av den urørte leira før uttak for å måle densiteten. Komprimeringsgraden kunne deretter målast på leireoverflata etter utleggjing ved at ei stang vart pressa ca. 30 cm ned i leirekappa. Helleristingsgruppa var samde i å bruke denne metoden.

GJENNOMFØRING AV TILDEKking (KMB)

Prosjektering av overdekkingsmetode

På fire av lokalitetane var det valt å lage «moderne» rydningsrøysar i overflata med avrunda stein i storleiken 60–140 mm. Dette skulle gje låge årlege kostnader til vedlikehald. Vidare kunne det gje ei positiv oppleving av kulturminna for dei som skulle ferdast i området ved at steinoverflata skilte seg noko ut frå omgjevnaden, men som samstundes høyrte heime i jordbrukslandskapet. Landskapsarkitekten laga ei prinsippskisse for overdekking som skulle gjelde for alle dei fire stadene der det skulle vere kulestein i topplaget (sjå figur 3_14).

Det var planlagt at matjord og all vegetasjon skulle fjernast på berget og nokre meter lengre ut slik at leirelaget kunne leggjast direkte på berg og undergrunnsjord. Ut frå stabilitet vart det planlagt skråningar med stigning på 1:3 og nokre stader 1:2 med ekstra støtte bak. Kva som var råd å få til i praksis på berg som lutta i alle vinklar, var ikkje godt å vite under planeggjinga. Vidare låg lokalitetane på ganske ulike stader reint topografisk, og det var vanskeleg å detaljprosjektere noko løysing for kvar enkelt. Det vart derfor gjort eit grovt overslag over kor store mengder som ville gå med av kvart materiale.

Prinsippskissa for tildekkinga viste ei rekkje med stor stein (diameter ca. 1 meter) som skulle settast etter kvarandre som ei kjede i ytre kanten av overdekkinga. Dette var vist på dei mest utsette stadene der kor grunneigar eventuelt kunne komme til å ville køyre med traktor inntil konstruksjonen. Vidare var det tenkt at stor stein i botnen på fyllinga

kunne fungere som ei støtte til leira bak der kor berget var bratt. Plassering av framtidig viltgjerde vart vist på egne skisser for kvar enkelt lokalitet.

Framdrifts- og ansvarsskjema

Før tildekkinga tok til vart det laga eit enkelt framdrifts- og ansvarsskjema der dei ulike aktivitetane var lista opp. Det vart såleis avklara om det var Statens vegvesen eller Kulturstyresmaktene som hadde ansvar for kvar enkelt post. Statens vegvesen hadde ansvar for å gjere avtale med leverandørar og for sjølve byggjeleinga på kvar enkelt lokalitet. Vidare hadde dei ansvar for å gjere avtale med grunneigarar om køyring på deira grunn. På transport og gravemaskinsida skulle det nyttast same maskinentreprenør som hadde hatt oppdraget med arkeologiske undersøkingar og flateavdekkingar.

Det vart bestemt at oppstart skulle vere i midten av august då overdekkinga ville medføre tung transport over åkerland. Det måtte då vere tørt i veret for at ikkje lastebilane skulle køyre seg fast og lage stor skade på undergrunnen. For all transport og arbeid med leire vart det og sett som eit fordel at dette vart gjort i den tørre årstida.

Vidare var det ønskeleg å arbeide med ein lokalitet i gongen og gjere denne overdekkinga heilt ferdig før ein gjekk vidare til neste lokalitet. Det var avsett 2–3 dagar for tildekking av kvar stad.

Helleristingsgruppa bestemte at overdekking av Årum (lokalitet 41) skulle utsetjast eitt år til august 2006. Grunnen var at denne låg like inntil ei bergskjering der det skulle sagast og sprengjast i samband med vegbyggjinga. For å ha kontroll på at lokaliteten ikkje vart skada under desse arbeida måtte ein vente til hovudentreprenøren for vegbyggjinga hadde gjort desse arbeida ferdig.

Gjennomføring i 2005

Oppstart av anleggsarbeidet starta i tråd med framdriftsplanen. I starten brukte ein noko meir tid enn berekna på å gjere klar sjølve bergflatene og fjerne matjord rundt lokaliteten samt utbetringar av ein gamal driftsveg.

Då leiretransporten starta opp, tok denne operasjonen ein heil dag. Det var viktig at arbeidet med ein lokalitet kunne gjerast heilt ferdig med alle overdekkingslaga før helga slik at ein halvferdig konstruksjon ikkje vart ståande ope for ver og vind i fleire dagar.

Det vart nytta ei beltegåande gravemaskin (for den eine lokaliteten vart det nytta to gravmaskinar) og 3–4 lastebilar slik at køyringa gjekk i eitt. Ved opplastingsstaden for leire hadde leverandøren ståande ei gravmaskin og var derfor avhengig av at transporten var rimeleg effektiv. Statens vegvesen hadde sin byggjeleiar Egil Kristiansen til å organisere arbeidet.

Det meste av tida med overdekking var dessutan arkeolog, konservator eller landskapsarkitekt til stades og overvaka arbeidet.


I byrjinga då leira skulle tas ut, var geoteknikar Frode Oset på staden for å sikre kvaliteten på uttaket. Arkeolog, konservator og landskapsarkitekt fekk ein gjennomgang i høve til kva me skulle vere på utkikk etter for å sikre at leirekvaliteten skulle halde seg jamn. Dette vart gjort reint visuelt og ved å kjenne på leira. Det var særleg dersom leira endra farge og konsistens at kvaliteten kunne verte dårlegare.

Då lastebilane tok til med å køyre leire, gjekk arbeidet raskt framover. Leira viste seg å vere svært plastisk med fin gråblå farge og jamn struktur. Den la seg i alle sprekkar i berget med det same og fylte dei heilt, sjå figur 3_15. Me hadde starta med det me meinte var den enklaste lokaliteten, Solberg nordre (lokalitet 27) (ein slakk kolle i eit ope åkerlandskap) for å få erfaring til me starta på lokalitetar der berget var brattare. Men me oppdaga raskt at me hadde ei utfordring som me ikkje hadde planlagt godt nok. Diameteren tvers over overdekkinga var for stor til at gravemaskinskuffa kunne nå fram til midten etter kvart som me fylte på med leire ut mot kanten. Leira var vidare for mjuk til at det var råd for maskina å køyre oppå den. Den seig dessutan sakte utover når det ikkje var mothald på kantane.

Etter ein diskusjon med geoteknikaren som var på staden vart det tatt ei rask avgjersle om å endre på framgangsmåten for oppbygginga. Det vart bestemt at me skulle ta ut tørrskorpeleire og byggje opp ei motfylling lagvis med 15–20 cm tjukke lag. Dette skulle gravemaskina køyre over med belta og presse saman. På den måten vart det laga ein lav voll på 50–70 cm høgde og med breidde omtrent som belta på gravemaskina langs ytrekanten av berget. Her kunne gravemaskina køyre og nå fram til midten av overdekkinga med skuffa. Samstundes vart dette ei motfylling som stogga leira innanfor frå å sige utover, sjå figur 3_16. Tørrskorpeleira fanst på same staden som den plastiske leira, men måtte takast ut 50 meter lengre borte for å unngå kontakt med matjord og ugrasartar som fanst like ved.

Etter denne omgjeringa av prosedyren gjekk overdekkinga greitt til det var ca. 70 cm tjukk overdekking på toppen av helleristninga. Då gravemaskina prøvde å ha på meir enn dette, byrja det å bule og sige utover kanten att. Dette skjedde sjølv om skråningsvinkelen var ganske slakk, ca. 1:3. Det verka som dette var grensa for kva massane kunne tåle utan at det vart lagt opp ei mykje større motfylling rundt. Konservator og arkeolog tok då avgjersla om at det ikkje skulle fyllast på eit høgare leirelag enn desse 70 cm.

Ut frå det ein kunne sjå på staden, verka det som om leira var sjølvkomprimerande ved at den var så plastisk. Den seig straks ned i alle holrom og fylte desse. Noko ytterlegare komprimering var derimot



Figur 3_14: Prinsippskisse som viser overdekkinga slik den var tenkt gjennomført i planleggingsfasen. Illustrasjon: Kristin Marie Berg.

Figure 3_14: Principle plan illustrating the covering construction as it was planned executed in the plannig phase. Illustration: Kristin Marie Berg.



Figur 3_15: Det første lasset med plastisk leire vert lagt på Solberg nordre (lokalitet 27). Foto: Kristin Marie Berg.

Figure 3_15: The first load of plastic clay is distributet at Solberg nordre (site 27). Photo: Kristin Marie Berg.

ikkje råd å få til då leira ikkje var stiv nok til dette, men gravemaskinskuffa vart brukt til å klappe og glatte overflata så godt som råd.

Erfaringane frå dette prosjektet viser at det ikkje bør reknast med skråningar med stigning brattare enn 1:3 for plastisk leire. Om ein ønskjer å bruke støtrefyllingar av tørrskorpeleire ved større høgdeforskjellar, kan ein byggje desse med stigning 1:2 i 5 meters høgde i samsvar med Vegvesenets retningslinjer i handbok 176 *Oppbygging av fyllinger*.

Plassering av stor stein i kjede

Prinsippskissa viste at det skulle plasserast stor stein i ytrekant av leirefyllinga på nokre stader som ei ekstra sikring mot landbruksmaskinar, sjå figur 3_17. Det var tenkt at desse steinane samstundes kunne vere ei motstøtte i høve til leira bak der kor berget var bratt slik at leira ikkje skulle sige ut. Skissa viste at leirelaget skulle nå opp til toppen av steinrekka og at ein skulle dra fiberduka noko lengre inn under steinane.

I praksis måtte gravemaskina køyre her når leira skulle leggjast ut, så dei store steinane kunne ikkje leggjast ut før etter at leira var på plass. Dei fekk derfor ikkje nokon funksjon i høve til mothald. Det var heller ikkje enkelt å dra fiberduka under steinane. Denne vart derfor avslutta ved steinrekka.

Målingar på staden

Det var ikkje råd å gå på leirekappa på vanleg måte etter at denne var lagt ut. For å måle høgda på leirelaget nytta ein gravemaskinskuffa med ein person oppi som hadde målingsutstyr. For å gjere troxlermålingar vart det lagt ut plater av kryssfiner som vart flytta for kvart steg som vart tatt. Det vart tatt ei rekkje målingar på dei to fyrste overdekkingsstadene for å få informasjon om komprimeringsgraden, sjå figur 3_18 og tabell 3_5. Målingane viste gode resultat samanlikna med måleresultata før leira vart tatt ut. Ein følte seg derfor trygg på at metoden for overdekking var god.

Vidare overdekking

Når målingar var gjort og overflata glatta ut med gravemaskinskuffe, vart det lagt på ein tynn geotekstil over det heile for å hindre uttørking av overflata. Fiberduka vart så rulla til sides i kantane der kor gravemaskina skulle køyre. Utlegging av natursingel starta deretter med ein gong. Natursingel og kulestein vart lagt på midten av fyllinga først, og vart deretter fylt på utover mot kantane når gravemaskina ikkje trong å køyre meir på tørrskorpeleira. Denne «kanten» vart også glatta til så godt som råd og dekt på same måten som resten av fyllinga med singel og



Figur 3_16: Tipping av tørrskorpeleire i underkant av plastisk leire for å holde denne på plass. Foto: Kristin Marie Berg.

Figure 3_16: Dumping of dry clay beneath the plastic clay to keep it in its place. Photo: Kristin Marie Berg.



Figur 3_17: Stor stein sett i kjede. Solberg nordre (lokalitet 27). Foto: Kristin Marie Berg.

Figure 3_17: Large stones placed in a stone chain. Solberg nordre (site 27). Photo: Kristin Marie Berg.



Figur 3_18: Det vert utført troxler-målingar på overflata av leirekappa for å måle pakningsgrad. Foto: Kristin Marie Berg.

Figure 3_18: Troxler measurements are carried out on the clay surface to measure the degree of compression. Photo: Kristin Marie Berg.

kulestein for å få ein mest mogleg jamn og konveks form på heile overdekkinga, sjå figur 3_19, 3_21.

Singel og stein er tungt, og ein kunne sjå at dette pressa leirelaget saman då det var lagt på. Der kor plastisk leire møtte tørrskorpeleire kunne ein sjå ein utbuling på duken då den mjuke leira vart pressa ned mot dette punktet (sjå figur 3_20). Dette var ein gunstig effekt av topplaget som ein ikkje på førehand hadde tenkt nøye over. Den komprimeringa som skulle gjerast med lett komprimeringsutstyr, var ikkje råd å få til, men topplaget i seg sjølv gjorde jobben likevel.

Etter kvart som gravemaskinkøyraren jobba med overdekkinga, fekk han meir og meir erfaring og gjorde jobben betre for kvar stad han kom til. På det viset vart den vanskelegaste lokaliteten, den som låg på ein bratt bergnabbe heilt inntil eksisterande E6 (lokalitet 17), den staden som han syntest var enklast å få til. Men her var den bratte sia mot vegen ei særskilt utfordring. Nokre av helleristingane låg heilt på toppen, og det var ikkje mogleg å få til ei motfylling mot den plastiske leira innafør utan at dette seinare kunne rase ned i vegbanen og verte trafikkfarleg. På denne staden måtte ein derfor støype fast nokre store steinar med betong øvst oppe på kanten mot vegen som ei støtte for leirefyllinga innafør.

Gjennomføring i 2006

Den siste av dei fem lokalitetane som skulle overdekkjast, Årum nordre (lokalitet 41), vart overdekt eitt år etter dei andre, dvs. i september 2006. Årsaka var anleggsarbeid som skulle gjerast av vegentreprenøren, berre nokre meter frå sjølve lokaliteten. Eksisterande fjellskjering mot E6 skulle utvidast i samband med breddeutvidinga av vegen. Fjellet måtte sagast ut med wiresaging forbi lokaliteten av ein ekspert. Men dette måtte koordinerast med hovudentreprenøren sin framdriftsplan for dei vidare sprengingsarbeida som skulle gjerast på staden. Det skulle bl.a. gjerast arbeid med forlenging av ein undergang like ved.

På den siste overdekkingslokaliteten vart det tatt ei avgjerd om at naturgrus i mellomlaget skulle erstattast av pukkk. Årsaka var at naturgrusen som var levert året før kanskje hadde for liten kornstorleik – slik at eittårige frøplantar hadde byrja å spire i steinhaugen på nokre stader der det var opning i kulesteinslaget. Det vart brukt ein pukkk med storleik +16 mm. Vidare vart kulesteinslaget utvida til å omfatte stein med storleik 30–140 mm for at opningane i steinhaugen skulle tettast best mogleg. Ein såg det slik at eit tjukkare dekkje med stein ikkje var noko alternativ då vekta av steinlaget ville presse leira for mykje ned og ut til sidene.




Figur 3_19: Det øvste laget med kulestein vert lagt på Solberg nordre (lokalitet 27). Under kan ein skimte natursingelen. Foto: Kristin Marie Berg.

Figure 3_19: The top layer of rounded stones is distributed at Solberg nordre (site 27). Beneath, the natural gravel is visible. Photo: Kristin Marie Berg.



Figur 3_20: Utbulning under fiberduk der plastisk leire møter tørrskorpeleire, Bustgård (lokalitet 34). Foto: Kristin Marie Berg.

Figure 3_20: A bump beneath the fibre cloth where the plastic clay meets the dry clay, Bustgård (site 34). Photo: Kristin Marie Berg.



Figur 3_21: Prinsippskissa syner korleis overdekkinga vart gjennomført i praksis. Illustrasjon: Kristin Marie Berg.

Figure 3_21: The principle plan illustrates how the covering was carried out in practice. Illustration: Kristin Marie Berg.

KORT KOMMENTAR TILL VAR OCH EN AV DE ÖVERTÄCKTA HÄLLRISTNINGARNA (EE)

